

Fra: Randi Kristin[r.kvalvaagnes@gmail.com]
Sendt: 18.09.2023 10:13:00
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Tittel: Forvaltningsplan for Lurefjorden

Hei

Innspel til forvaltningsplanen for marintliv i Lurefjorden / Lindåsosane.

Frå Botnavatnet på Kvalvågnes går det ei lita elv ut i Sildevågen i Lurefjorden, denne elva og bekkane tilknytta vatnet er gyteplass for sjøaure. Elva og bekkane har behov for opprensning, kultivering / tilrettelegging utsetting av gytesand for å gje bedre gytetilhøve. Sjøauren har veldig vanskelege overlevelsesvilkår på heile Vestlandet pga lakselus frå oppdrettsnæringa, om vi skal fortsette å ha Sjøaure i fjordane våre, er det viktig at vi tek godt vare på gyteområda deira.

Om forvaltningsplanen og gjeld inn til Fisketangen i Seimsfjorden, bør det gjerast ein tilsvarande jobb i Fiskesetelva som renn ut i Fisketangen friluftsområde. Denne elva har ei veldig stor bestand Sjøaure og er vel kanskje ein av dei beste gyteområda for sjøaure vi har i Alver kommune.

Mvh

Randi K Kvalvågnes



KYSTVERKET

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref
2022/823-5

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
19/10/2023

Fråsegn til framlegg til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - Alver og Austrheim kommunar - Vestland fylke

Kystverket syner til brev datert 11.9.2023 med framlegg til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane verneområde.

Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneføremålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanen opnar ikkje for ny vurdering av verneforskrifta, men er ei presisering og utdjuping av verneforskrifta og gir retningslinjer for dispensasjonspraksis og bruk av området. Forvaltningsplanar skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmakta.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet. Kystverket tar ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet. Kystverket har fått i oppdrag å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Kystverket sine innspel


Farlei og navigasjonsinnretningar


Den indre kystleia med mellom Bergen og Fensfjorden går delvis gjennom verneområdet. Dette gjeld bileiene «Alversund-Fonnesstraumen», «Hoplandsosen» og «Mongslaupsundet», som er vist med blå stipla linjer i bildet nedanfor:

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766





Det er relativt stor skipstrafikk i Radsundet og nordvestre del av Lurefjorden. Statistikk fra Kystdatahuset viser at for året 2022 passerte 4856 fartøy med AIS (automatisk identifikasjonssystem) i Radsundet. Hovedregel er at fartøy over 15 meter skal føre AIS-transponder. Fartøy under 15 meters lengde er ikke med i denne statistikken.



Statistikk fra Kystdatahuset.no i Radsundet for året 2022

Passasjertrafikk (snøgg båten) utgjør ca. halvparten av trafikken i den indre farleia. Resterende trafikk er i skipskategori lasteskip, tankskip og fiskefartøy, med lengste lengde 59 meter. Det er flere trange sund i verneområdet, til dømes ved Bruknappen i Radsundet, der skipa må vente på kvarandre for passering. I slike høve må dei ha motorane i gang.

Vernereglane skal ikkje legge hindringar for ferdsel med båt eller fartøy, eller til drift og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar. Vi syner til generelle unntak frå vernereglane:

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:


- g. ferdsel med båt eller andre fartøy
- h. drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar

Det er likevel krav til dispensasjon for oppføring av navigasjonsinstallasjonar og farleiltak jf. §5 (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleiltak for å trygge ferdsle til sjøs

Det er etablert navigasjonsinstallasjonar for å trygge den indre kystleia. Her et døme frå Radsundet og Lurefjorden:



Sjøkart som viser navigasjonsinnretningar i Radsundet og Lurefjorden

Navigasjonsinnretningar som fyrlykter, lanterner, overretter, stakar og jernstenger mv. er ein føresetnad for å kunne ferdast trygt og sikkert langs Norskekysten. For å trygge ferdsla i den indre farleia vil det og vere naudsynt med vedlikehald, nyetablering og fjerning av eldre navigasjonsinnretningar der formålet er å gradere opp farvatnet til dagens standard og auke tryggleiken og framkomma ved dag- og nattseglas.

Vi legg til grunn retningslinjer frå forvaltningsstyresmakta om navigasjonsinstallasjonar:

«Det kan etter søknad gis løyve til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleiltak. Forbod mot konstruksjonar og andre innretningar skal ikkje vere til hinder for naudsynte navigasjonsinstallasjonar, vurderinga skal leggje vekt på omsynet til trygg ferdsle til sjøs. Framtidige installasjonar må ikkje føre til skade eller øydelegge viktige naturførekomstar. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og navigasjonsinstallasjonar er tillate og krev ikkje søknad. All drift og vedlikehald må gjennomførast på ein slik måte at naturførekomstar ikkje vert skada, sjå nml §6.»

Ankringsområder

Vi syner til retningslinjer frå forvaltningsstyresmakta om oppankring og fortøying:

«Det er tillate med oppankring mot land i verneområdet. Sett i samanheng med føremål for verneområdet og føresetnad i høyringa gjeld dette for fartøy av mindre storleik. Det er tillate med fortøying av småbåt i verneområdet. I småbåtlova § 1 er småbåt definert som båt under 15 meter, fortøying av båt over 15 meter er dermed

ikkje tillate. For låssetjing av fisk er det tillate med anlegg av fortøyingsfeste medrekna fartsfortøying, dragfortøying, og oppankring mot landfeste. Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må vere i stein eller anna materiale som ikkje forureinar. Andre formar for oppankring og fortøying, til dømes flytebrygger krev dispensasjon frå verneforskrifta (jf. § 5 e).»

Kystverket har ikkje registrert ankringsområder for nyttetraffikken innanfor verneområdet. Det kan likevel oppstå naudsituasjonar som krev tiltak som til dømes naudankring. Dette er akutte tiltak for å hindre ulykker med tap av menneskeliv, materiell skade og forureining. I utdjuping av verneforskrifta bør slike naudsituasjonar drøftast nærare.

Vi gjer merksam på at i sjøkart er det registrert fleire ankersymbol i verneområdet. Desse områda er egna for ankring av mindre fartøy. Det er Kartverket (Kartverket sin sjødivisjon) som har ansvar for sjøkarta og registrering av ankersymbol for mindre fartøy.

Oppsummering

Forvaltningsplanen blir utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift, og opnar ikkje for ny vurdering av verneforskrifta. Kystverket er inneforstått med vernereglane for verneområdet.

Det er ingen restriksjonar i høve til ferdsle i verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. I områder med sjøtrafikk kan det oppstå situasjonar som krev akutte tiltak for å hindre sjøtrafikkulykker og forureining. I utdjuping av verneforskrifta bør slike naudsituasjonar drøftast nærare.

Ifølge presiseringa av verneforskrifta kan Kystverket etter søknad gis løyve til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak. Kystverket rår til at alle farleitiltak for å trygge ferdselen til sjøs, blir gitt generelt unntak.

Med helsing

Ruben Alseth
Fungerande avdelingsleiar

Turid Susort Jansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fra: Terje Seim[terje@seimbygg.no]

Sendt: 31.10.2023 13:38:37

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Tittel: Innspill til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Vi ønsker å komme med innspill vedrørende utslipp av avløpsvann fra boliger innenfor verneområdet. Alver Kommune drifter et utsleppspunkt på Seim (Mekanisk rensing - sil/rist) Vi holder på med utbygging like ved renseanlegget og har til nå knyttet alle avløp fra boliger inn på dette anlegget.

Vi skal nå bygge ut 3 stk 4-mannsboliger ca 100m fra renseanlegget, men får ikke lov å knytte disse nye boligene inn på kommunalt anlegg. Vi må søke dispensasjon og etablere minirensanlegg med kjemikalier som er definert som høyverdig rensing. (Minirensanlegg)

Dette er enn mindre kostbar løsning for oss, men overhode ikke en ønsket løsning.

Vi ønsker å betale for å knytte oss til offentlig avløp og betale årlig gebyr til Alver kommune som brukes til drift, vedlikehold og oppgradering av kommunens anlegg. Ved å etablere minirensanlegg så har vi ingen kommunal kontroll og Alver kommune får ikke inn årlige gebyrer.

Vi mener det ikke er en bærekraftig utvikling, Seimsfjorden har som kjent utfordringer med vann utskifting over 4 grunne terskler, men disse tersklene har sterke strømmer som gjør at det blir tilfredstillende vann utskifting.

Hvor dårlig resipient Seimsfjorden er har vi tidligere stilt spørsmål ved, ingen kan gi oss verdier men viser til føre var prinsippet.

Vår klare formening er at alle som KAN knytte seg til Kommunalt avløp system bør gjøre det, da har kommuner kontroll på avløp og mulighet til å oppruste sine anlegg.

Med vennlig hilsen

Terje Seim
Daglig Leder

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 Seim

tlf 930 04 156
terje@seimbygg.no



Med vennlig hilsen

Terje Seim
Daglig Leder

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 Seim

tlf 930 04 156
terje@seimbygg.no



Statsforvalteren i Vestland
e-post: sfvl@statsforvalteren.no

Alver 20. oktober 2023

Dokumentet er sendt elektronisk.

Høringsuttalelse - forslag til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Overordnet

Om Nesfossen Smolt

Nesfossen Smolt AS er en videreføring av Lindås Fiskeoppdrett som ble etablert i 1985, og fikk konsesjon for settefiskproduksjon i 1986.

Selskapet har mange års erfaring som settefiskprodusent av laks og ørret, og er - og har vært - en viktig bidragsyter til utviklingen av det som i dag er Norges nest største eksportnæring.

Selskapet er sertifisert etter den internasjonale kvalitetsstandarden Global G.A.P, og leverer høykvalitets lakseyngel- og laksesmolt til både store børnoterte kunder, samt mindre lokaleide selskaper.

Anlegget ligger fint til ved Lurefjorden i Nordhordland, mellom bygdene Seim og Hundvin i Alver kommune. Tilgang på ferskvann av god kvalitet er viktig for produksjon av settefisk, og med et samlet nedslagsfelt på 15 kvadratkilometer, er hovedvannkilden Storavatnet en trygg og forutsigbar kilde til rent vann av høy kvalitet. Vi har en egen dypvannskai direkte tilknyttet anlegget som sikrer skånsom og bærekraftig transport av laksesmolt og yngel som til slutt skal bli til sunne måltider rundt i de mange land fisken eksporteres til.

Anlegget er et gjennomstrømningsanlegg og Nesfossen Smolt investerte i 2016 i rensing av avløp med trommelfilter, som er den best tilgjengelige teknologien for denne type anlegg. Slammet som etter filtering skilles ut, blir levert til lokale bønder og nyttegjøres som jordforbedringsmiddel /gjødsel. Dette er kortreist sirkulærøkonomi i praksis.

Selskapet sysselsetter 12 ansatte, og er godkjent lærebedrift i Akvakulturfaget. Vi har en årlig produksjon av 3 til 4 millioner yngel/smolt, og en omsetning på 50 – 60 millioner kroner årlig.

Nesfossen Smolts overordnede merknader:

Som matprodusent har Nesfossen Smolt høyt fokus på miljø og bærekraft, og vi er derfor positiv til en forvaltningsplan som skal ta vare på naturverdiene i Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Forslagsstiller har etter vårt syn lagt frem en helhetlig plan, som også tilkjenner de tiltak eksisterende påvirkere, herunder Nesfossen Smolt, har gjort for å bidra positivt til å minimalisere menneskeskapt påvirkning i verneområdet.

Videre trekker forslagsstiller frem at kunnskapsgrunnlaget kan bli bedre, hvor faktabasert forvaltning vil sikre balanse mellom behov for verneformålet og andre formål. Til dette bemerkes det at Nesfossen Smolt allerede er underlagt faktabasert forvaltning og regulering via ulike sektortillatelser (herunder utslippstillatelse), som løpende kontrolleres av myndighetene. Gjennom utslippstillatelsen er Nesfossen pålagt detaljerte krav til overvåking og rapportering av miljøtilstanden i resipienten, og selskapet må allerede forholde seg til føre-var-prinsippet, BAT-prinsippet og all relevant forurensningslovgivning, slik dette angis i utslippstillatelsen.

Med bakgrunn i fokus på kunnskapsgrunnlaget, vil vi trekke frem at det i høringsforslaget er vist til en utdatert resipientundersøkelse for Nesfossen Smolt fra 2013. Nesfossen Smolt har som nevnt installert et moderne renseanlegg sommeren 2016, som følgelig ikke inngår i kunnskapsgrunnlaget i resipientundersøkelsen fra 2013 som er nevnt i høringsdokumentet. I etterkant av denne installasjonen forelå det en resipientundersøkelse fra Rådgivende biologer AS fra 2017. Den siste resipientundersøkelsen er imidlertid fra 2021 med rapportdato 26. februar 2022. Til sakens (korrekte) opplysning vedlegger på denne bakgrunn den siste resipientundersøkelse fra **2021**.

I samsvar med kravene i utslippstillatelsen, utføres det til opplysning også hydrografimålinger av Rådgivende Biologer AS. Siste rapport ble levert i 2019 (for 2017-2019), og vi har tatt inn utklipp fra sammendraget i denne rapporten under neste punkt "Natur" underpunkt "Oksygenfattig fjord".

Det konkrete forvaltningsplanforslaget beskriver og hensyntar korrekt at Nesfossen Smolt er unntatt fra vernereglene i § 3 (ref. § 4 k), og den foreslåtte forvaltningplanen påvirker tilsvarende ikke Nesfossen Smolt AS og selskapets anlegg, produksjon og aktiviteter. Det er også korrekt at verneforskriften ikke gjelder på land, og den gjelder følgelig heller ikke for evt. utvidelser eller endringer i anlegget på land. Nesfossen Smolt legger til grunn at det ikke trengs dispensasjon for endring i utslippspunkt for avløp ref. verneforskriften § 4 k. Det legges også til grunn at verneforskriftens § 5 bokstav k utelukkende knytter seg til ny-etablering av annen akvakultur slik at den ikke gjelder for Nesfossen Smolt.

Natur

Oksygenfattig fjord

Til dette vil Nesfossen Smolt trekke frem punkter fra sammendraget fra rapport etter hydrografimålinger i Lurefjorden i perioden 2017-2019. Rapporten er utformet av Rådgivende Biologer AS på oppdrag fra Nesfossen Smolt AS, i tråd med overvåkningskrav knyttet til selskapets utslippstillatelse. På s. 5 i rapporten gis det følgende sammendrag:

"Rådgivende Biologer AS har på vegne av Nesfossen Smolt AS, gjennomført hydrografimålinger i Lurefjordens djupaste punkt i perioden oktober 2017 – september 2019 med ein til to månaders intervall. Botnvatnet tilsvarte tilstandsklasse IV = «dårlig» ved oppstart av målingane hausten 2017. Oksygennivået endra seg lite frå oktober 2017 til juni 2018 og var stabilt på ca. 2 ml/l O₂. Det var ei utskifting av vassmassane i Lurefjorden i løpet av sommaren og hausten 2018, og tilstanden ved botn svarte då til tilstandsklasse II = «god». Deretter kom det ein ny utskifting påfølgjande vinter og vår 2019, og konsentrasjonen gjekk ytterlegare opp og nådde beste tilstandsklasse innan mai 2019 med I= «svært god». Ved slutten av september 2019 var oksygenivået på botn tilsvarande tilstandsklasse II = «god». Lurefjorden har fått påvist utskiftingar med om lag 9-11 års mellomrom sidan 1989, som stadfestar at utskifting av Lurefjordens botnvatn er styrt av storskala hydrografiske prosessar, medan reduksjonen i oksygen i periodane imellom er styrt av tilførsar frå lokale kjelder og naturlege tilførsar frå nedbørfeltet. Naturleg oksygenforbruk i djupvatnet er modellert til 0,044 ml O₂/l/mnd (Tveranger &

Johnsen 2013) medan observert forbruk ligg mellom 0,04 og 0,07 ml O₂/l/mnd, og ein kan då rekne med at oksygen i botnvatnet vil bli redusert med ein tilsvarende forbruksrate framover."

Dette viser at det skjer en utskifting av bunnvannet i fjorden med ujevne mellomrom forårsaket av (naturlige) hydrografiske prosesser. I følge Rådgivende Biologer v/ fagansvarlig vann i en e-post fra desember 2017 e-post til Nesfossen Smolt «utgjør Nesfossens tilførsler til Lurefjorden i størrelsesorden ca 2 % av totalen, dvs at 98 % da er andre, og mykje av dette er naturlige forhold, og me ser dei samme mønstrene igjen i andre terskelfjorder som Masfjorden, Sørfjorden ved Osterøy og i Lysefjorden i Rogaland».

I resipientundersøkelsen av 2021 (vedlegg 2) konkluderes det slik:

"Samla sett viser resultat frå granskinga i 2021 gode tilhøve for botnfauna og fjøresamfunn, men ein auke i nitrogenverdiar i sedimentet på samtlege stasjonar. Det kan ikkje utelukkast at settefiskanlegget er ein av bidragsytarane til auka nitrogenverdiar i sedimentet sidan nitrogenutslepp frå settefiskeanlegget har auka. Likedan kan utslepp av sink frå settefiskeanlegget ha bidratt høgare innhald av sink i sedimentet i fjorden. Resultatet av resipientgranskinga tilseier elles at organiske utslepp frå Nesfossen Smolt AS ikkje har nokon negativ verknad på miljøtilhøva i Lurefjorden."

Nesfossen Smolt vil i denne forbindelse også trekke frem tiltak selskapet har gjort for å redusere miljøpåvirkning fra egen produksjon:

- Nesfossen Smolt investerte sommeren 2016 i renseanlegg for slam som består av to stykk trommelfilter. Etter filtrering, blir det filtrerte slammet pumpet opp i en rund vannavskiller, som er konisk i bunnen. Vannavskilleren har et automatisert system som frekvent pumper lett konsentrert slam fra bunnen av vannavskilleren, og over i en slamtank. Det filtrerte slammet, blir levert til lokale bønder og nyttegjøres som jordforbedringsmiddel /gjødsel.
- Nesfossen Smolt er aksjonær i nettverksselskapet, Salmon Group. Salmon Group er et selskap etablert av- og for lokaleide havbruksselskap, og driver gjennom sine 38 aksjonærer og deres 58 tilknyttede selskaper, havbruksproduksjon i ni av landets tretten produksjonsområder. Som gruppe er Salmon Group selskapene landets tredje største oppdretter av laks og ørret, og verdens 6. største. Selskapet inngår innkjøpsavtaler for flere sentrale innsatsfaktorer i havbruksproduksjon, med årlige innkjøp for over 5 milliarder norske kroner. Salmon Group har også utviklet sin egen fôrresept, og påvirker gjennom denne hvilke råvarer som inngår i fôret samt nivåer av mineraler og næringsstoffer. Fokus på biotilgjengelighet i råvarene står sentralt, slik at mest mulig av råvaren kan nyttiggjøres av fisken og utslipp av næringsstoffer og mineraler blir så lavt som mulig. Alle beslutninger gjort hos Salmon Group utøves med fokus på Fisk, Folk og Klode, hvor faktorer som påvirker positivt for de tre nevnte faktorer skal fremmes og faktorer som påvirker negativt skal velges bort.

Annen negativ påvirkning

Økologisk og kjemisk miljøtilstand i verneområdet

Se merknad til "Utslepp og avrenning til fjorden" under "Forvaltningsutfordringer" på neste side.

Bygg og installasjoner

Akvakultur

Som nevnt innledningsvis legger Nesfossen Smolt til grunn at verneforskriftens § 5 bokstav k utelukkende knytter seg til ny-etablering av annen akvakultur (ikke Nesfossen Smolt). Verneforskriften regulerer heller ikke evt. utvidelser eller endringer i Nesfossens anlegg på land.

Nesfossen Smolt vil forøvrig tilføre at utover nevnte vannforskrift, akvakulturlov og forurensingslov, er Nesfossen Smolts drift underlagt en rekke andre lover, forskrifter, standarder og sertifiseringer. Reguleringen av akvakulturnæringen i Norge er svært omfattende og detaljert, og mye av suksessen bak den norske havbruksnæringen har vært den fakta- og kunnskapsbaserte forvaltningen basert samarbeidet og dialog mellom næring, forskning og forvaltning. Det er viktig at dette hensyntas og etterstrebes også ved forvaltningen av verneforskriften.

Forvaltningsutfordringer

Utslepp og avrenning til fjorden

Forslagsstiller peker på at det er viktig å overvåke utviklingen av miljøtilstanden, og at aktuelle myndigheter "(...) må følge opp med endra vilkår fordi utslepp og avrenning til Lurefjorden og Lindåsosane er for stor. Det er behov for reduksjon i utslepp for å klare å forbedre miljøtilstanden og nå målet om god tilstand." Det er usikkert hva forslagsstiller konkret sikter til her, og betydningen fremstår særlig uklar i lys av rammene/mandatet for forvaltningsplanen.

Nesfossen Smolt er enig i at det er viktig å overvåke utviklingen i miljøtilstanden, og som det fremgår ovenfor utfører selskapet for sin del allerede overvåkning og resipientundersøkelser i tråd med krav fra sektormyndigheter og innrømmede tillatelser. Disse viser gjennomgående at Nesfossens negative påvirkning på miljøtilstanden er på grensen til ikke-eksisterende. Nesfossen Smolt er avhengig av forutsigbare rammer for sin virksomhet, og vil fortsette å forholde seg til de til de relevante sektormyndigheter i den forbindelse.

De øvrige utslippskilder- og bidrag enn de som er nevnt i forslagsdokumentet må også kartlegges, og vi vil i tillegg oppfordre til å motivere til tømmestasjoner for fritidsbåt i kommunal- eller fylkeskommunal regi, hvor også det tilrettelegges for innsamling av avfall fra samme målgruppe.

Sentrale føringer

I verneområdet er Lurefjorden en vesentlig del, og denne har som terskelfjorder flest, en varierende resipientstatus. Det er herunder viktig at forvaltningen ser hva ny teknologi, driftsformer og/eller tilknyttede verdikjeder gir av muligheter og da total påvirkning i en helhet sett opp mot samfunnsnytt og verdi ved dispensasjon etter verneforskriftens § 5 bokstav k.


Dispensasjonsregelen i naturmangfoldloven § 48 er en kan-regel, men selv om regelen ikke gir krav til dispensasjon, er det etter vårt syn avgjørende at avslag på dispensasjon på samme måte vurderes med bakgrunn i oppdaterte kunnskapsgrunnlag og regelverk, og utøves og koordineres innenfor sektormyndighetens ansvarsområde.

Oppsummering av Nesfossen Smolts hovedsynspunkter

- 1) Nesfossen Smolts settefiskanlegg omfattes ikke av vernereglene i verneforskriften – heller ikke utvidelser av anlegget.
- 2) Nesfossen Smolts utslippsbidrag til resipienten er minimalt, og virksomheten er underlagt en omfattende regulering der det stilles krav til overvåking av påvirkning på resipienten.
- 3) Kunnskapsgrunnlaget for verneområdet må oppdateres løpende med resipientundersøkelser og hydrografimålinger som bør gjennomføres av flere relevante aktører i og rundt verneområdet.

Alver 20.10.2023

For Nesfossen Smolt AS



Ronald Marøy
Daglig leder

Vedlegg: Resipientundersøkelse 2021, Rådgivende Biologer AS

Fra: Ronald Marøy[ronald@nesfossen.no]

Sendt: 31.10.2023 14:36:34

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Tittel: Høringsuttale til framlegg til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane

Statsforvaltaren i Vestland

Vedlagt Nesfossen Smolt sin høringsuttale til framlegg av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane og resipientgransking fra 2021.

Mvh

Ronald Marøy

Dagleg leiar



Nesfossen Smolt AS

tlf. +(47) 481 96 480

ronald@nesfossen.no

www.nesfossen.no



Statsforvaltaren i Vestland,
Njøsavegen 2,
6863 Leikanger
sfvlpost@statsforvalteren.no

Deres ref:
2021/13123

Vår ref:
22/00634

Bergen, 07/11/2023

Høring – Forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Viser til brev fra Statsforvaltaren i Vestland datert 11/09/2023 – ref 2021/13123.
Vedlagt oversendes høringssvar fra Havforskningsinstituttet.

Vennlig hilsen

Geir Huse
Forskningsdirektør

Even Moland
Programleder

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift. Innholdet er godkjent faglig gjennom prosess for rådgivning

Fra: Loddengaard, Turid S.[turid.loddengaard@hi.no]

Sendt: 07.11.2023 12:51:39

Til: Postmottak SFVL;sfvl@statsforvalteren.no[sfvlpost@statsforvalteren.no];sfvl@statsforvalteren.no]

Kopi: Postmottak[post@hi.no];Husa, Vivian[vivian.husa@hi.no];

Tittel: Høyring av framlegg til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane

Hei

Viser til brev fra Statsforvalteren i Vestland datert 11/9/23 – ref 2021/13123.

Vedlagt oversendes følgebrev og høringssvar.

Mvh

Turid

Turid Stamnesfet Loddengaard

Institute of Marine Research/Havforskningsinstituttet

Postbox 1870 Nordnes,

5817 Bergen, Norway

www.hi.no

turid.loddengaard@hi.no

Telephone: +47 944 10 669





INNSPEL TIL FORVALTNINGSPLAN FOR LUREFJORDEN OG LINDÅSOSANE MARINE VERNEOMRÅDE.

Vivian Husa, Even Moland og Arild Slotte

Havforskningsinstituttet
2023



Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Viser til brev fra Statsforvaltaren i Vestland datert 11/09/2023 – ref 2021/13123.

For å oppnå måla i Naturavtalen er det viktig å prioritera arbeidet med marine verneområde. Det er samstundes viktig at ein oppnår eit reelt vern for artane som lever der og levestadane deira. Havforskningsinstituttet meiner at forvaltningstiltaka som er føreslått for verneområdet vil gje effektivt vern, men har nokon kommentarar.

Utslepp

Det er føreslått at dersom det ikkje er mogeleg å knyta nye bustader eller fritidsbustader til offentleg vatn og kloakk, kan ein søkja om dispensasjon for utslepp av kloakk i verneområdet. Verneområdet er truleg svært sårbart for slike utslepp, særleg i Lindåsosane.

Akvakultur

Dispensasjon kan gjevast i verneområdet for akvakultur av lavtrofiske artar eller i lukka anlegg utan utslepp. Vi gjer merksame på at også akvakultur av lavtrofiske artar og kan ha påverknad på miljøet. For eksempel kan tareoppdrett gje endra straumforhold og ta opp mykje næring. Nedfall frå tareanlegg og blåskjelanlegg kan påverka botnen, sjølv om det er mindre botnpåverknad enn frå matfiskanlegg. Skaldyr for akvakultur kan ha med seg patogener og parasitter som kan smitte over på lokale bestandar. Med dagens teknologi er det nærmast umogeleg å oppnå 100 % reinsegrad for utslepp frå landbaserte anlegg. Slike dispensasjonar bør difor vurderast nøye i kvar sak for å sikre at verneformålet vært ivareteken.

Fiske

Tradisjonelt har vern i norske verneområde berre omfatta botnlevenda organismar og det er i mindre grad lagt restriksjonar på fiske med unntak av spesielle forbod-soner og referanseområder. Havforskningsinstituttet har ved fleire høve påpeika at marine verneområde som tillèt «industrielt fiske» med aktiv reiskap som påverkar botnen ikkje oppnår internasjonal kategori for vern i IUCN-rammeverket. Det er difor viktig at alle slike reiskap blir forbode i verneområda og ikkje berre botntrål.

Sildestamma i Lindåsosane og Lurefjorden er genetisk unik og det er viktig å ta vare på den. I forvaltningsplanen er det føreslått at den lokale reguleringa med forbod mot sildefiske med garn i perioden 1. mars til 30. april er tilstrekkeleg forvaltning. Det er fullt mogeleg for eit mindre kystfartøy å komma seg inn kanalen til osane. Dersom ein fiskar med snurpenot på stimane som held seg der inne heile året, vil ein kunne fiska ned store delar av sildestamma med nokre få kast.

Havforskningsinstituttet meiner difor at det burde vore forbode med kommersielt sildefiske i Lindåsosane heile året, for å ikkje desimere den lokale stamma.

Høring av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Utlysning av 11.09.23 med høringsfrist 10.11.2023

Formålet med forvaltningsplanen er å få ett praktisk hjelpemiddel til å opprettholde og fremme verneformålet og avklare hvordan de ulike verne og brukerinteressene kan bli behandlet. Utarbeide retningslinjer for behandling av dispensasjoner.

Våre rettigheter-merknader

Straumcamp A/S samt eiere av Gr nr 137/3 42-43-44-45 og Gr nr 137/4-30 innehar kystlinje på østside av Njøten i Austrheim.

Rettighetshavere kommer her med uttalelser til forvaltningsplanen ved å være rettighetshavere ved verneområde.

Straumcamp A/S og eierne av område innehar godkjent reguleringsplan for ett større område ved sjøen. Reguleringsplanen går 150 m ut i sjøen.

Vedlegg: «Reguleringsplankart».

Det er påregnelig at det i fremtiden blir videre utvikling/utbygging.

Rettighetshavere ber derfor om at forvaltningsplanen legger opp til at det vil komme fremtidige søknader for videre utvikling/utbygging på Østsiden av Njøten i Austrheim Kommune.

Fylkesmannen sin tilrådning for vern av Lurefjorden som marine verneområde (6.3.4)

Det er en klar forutsetning at videre arbeid etter et eventuelt vern skal skje i nært samråd og samhandling med involverte kommuner, relevante sektorstyresmakter og *aktuelle næringsaktører i område.*

Dette er og i tråd med Naturvernloven § 41-43 områdevern samt forvaltningsloven § 16.

Saksbehandlingsreglene viser at dette gjelder for rettighetsinnehaverne. Her er man ikke tatt med som høringspart.

Mvh. Straumcamp A/S

Gr nr 137/3 42-43-44-45

Gr nr 137/4-30

Mari D. Hattem

Mari D. Hattem

Axel Hattem


Fra: Stian Hatlem[stian_hatlem@hotmail.no]

Sendt: 07.11.2023 21:18:27

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Tittel: Høring av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Vedlegg 1



GODKJENT
Bergen og Omland
17.06.02
Eli K. Reigstad

Fra: Kjersti Isdal[kjersti.isdal@regionnordhordland.no]
Sendt: 09.11.2023 13:21:55
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]
Kopi: Kari E Natland[Kari.Evensen.Natland@regionnordhordland.no];
Tittel: Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Hei,

Vedlagt er vårt innspel til forvaltningsplanen for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Med venleg helsing

Kjersti Isdal

Prosjektleder | Region Nordhordland IKS

tlf +47 97 12 91 93 | www.regionnordhordland.no | www.nordhordlandbiosphere.no



Nordhordland
UNESCO Biosfære

Nordhordland UNESCO Biosfæreområde
Region Nordhordland IKS
Kvassnesvegen 23
5914 Isdalstø

Til Statsforvaltaren i Vestland

Knarvik, 09.11.2023

Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Som dykk er kjend med er Lurefjorden omslutta av Nordhordland UNESCO Biosfæreområde. Alle biosfæreområde har ei sonering som består av kjerneområde, buffersoner og utviklingssone. Ein biosfærestatus betyr ikkje noko form for vern i seg sjølv. Men alle biosfæreområde skal innehalde kjerneområde, som (frå før) har eit formelt vern. Me vil gjere merksam på at Lurefjorden og Lindåsosane er eit av kjerneområda i Nordhordland UNESCO Biosfæreområde.

Vi ser fram til at det kjem på plass ein forvaltningsplan for Lurefjorden.

Beste helsing,

Kjersti Isdal

Prosjektleiar
Nordhordland UNESCO Biosfæreområde



Fra: jan.nordo@broadpark.no[jan.nordo@broadpark.no]

Sendt: 10.11.2023 10:23:00

Til: Postmottak SFVL;Vindedal, Hilde Solend;Byrkjeland,

Stein[sfvlpost@statsforvalteren.no;hilde.vindedal@statsforvalteren.no;stein.byrkjeland@statsforvalteren.no]

Kopi: Geir Olav Toft[geir.toft@nla.no];Ketil Hindenes[ketil_hindenes@hotmail.com];Marita

Bru[marita.bru2209@gmail.com];Olav Torheim[olaveth@gmail.com];Ola

Moen[fjordimages@gmail.com];Stine Eikefet[seeikefet@gmail.com];Tore

Svendsen[toresve2@online.no];gunvar.mikkelsen@fnf-nett.no[gunvar.mikkelsen@fnf-

nett.no];harald.simonsen2@gmail.com[harald.simonsen2@gmail.com];hordaland@naturvernforbundet.no [hordaland@naturvernforbundet.no];

Tittel: Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden

Hei!

Vi legg ved innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane.

Mvh Jan Nordø

leiar

Naturvernforbundet Nordhordland



Naturvernforbundet
Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

9. november 2023

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Naturvernforbundet Nordhordland har desse merknadene.

Forureining, utslepp og avrenning

Det må stillast strenge krav til utslepp og avrenning frå hushald, jordbruk og annan næringsverksemd. Særleg fokus må vera på NGIR sitt avfallsanlegg i Kjevikdalen og smoltanlegget på Nesfossen. Strenge overvakingsprogram med revisjon av utsleppsløye om grenseverdiar vert overskridne, må vera vilkår. Nedlegging av smoltanlegget på Nesfossen bør vurderast.

Alver og Austrheim kommunar må implementera EU sitt reviderte avløpsdirektiv snarast mogleg i forskriftene sine. Satsing på reinseanlegg i årsbudsjett og langtidsprogram er viktig. Det vil føra til ein vesentleg betre miljøtilstand i verneområdet.

Avrenning frå jordbruk er i stor grad regulert, men krev likevel tiltak. Det gjeld i sær avrenning av mikroplast til vassdraga og ut i verneområdet. Rapportar har avdekkja at slik avrenning er eit betydeleg problem i Nordhordland. Å sikra eit betre retursystem for landbruksplast vil redusera problemet. Her bør NGIR få eit ekstra ansvar.

Forvaltningsplanen bør sørgja for at kommunane har eit heildekkande system for rydding av plastavfall i strandsona.

Sjøbotnen i verneområdet er fleire stader forureina av miljøgifter. Slik forureining må kartleggjast og tiltak gjennomførast der grenseverdiane er overskridne.

Særleg merksemd må sjøområdet utanfor tidlegare Mastrevik Slipp i Austrheim få. Her har sandblåst maling, tungmetall og andre miljøgifter blitt dumpa gjennom svært lang tid og representerer sannsynlegvis eit stort forureiningsproblem.

Framande artar

Aktiv nedkjemping av framande artar bør få høg prioritert i planen. Det gjeld m.a. stillehavsøsters, som er registrert fleire stader i Lurefjorden, sist i 2021 ved Littlelindåstangane (Gjerdsneset), og t.d. havnespy, registrert i Fensfjorden med fare for spreining til verneområdet.

Tiltak må setjast i verk på eit tidleg stadium.

Tekniske inngrep

Botninstallasjonar må avgrensast til det minimale. Det gjeld t.d. langtrekkande utsleppsleidningar som skal føra forureina vatn frå verneområdet og til sjøområda utanfor slik det m.a. har vore planar om frå smoltanlegget på Nesfossen til Fosnstraumen og Hoplandsosen.

Skjøtsel, overvaking og kartlegging

Innspela over demonstrerer at det er stort behov for skjøtsel (framande artar), overvaking (utslepp frå jordbruk og anna næringsverksemd) og kartlegging (forureina sjøbotn). Kartlegging bør også omfatta fleire undersøkingar av naturmangfald, t.d. korallrev, tareskogar, ålegras, blautbotn og skjelsandførekomstar og artar knytte til desse naturtypene, i sær kysttorsk og skaldyr. Observasjonar tyder på overfiske av krabbe og av torsk, lyr, breiflabb og steinbit knytt m.a. til dykking i straumane.

Sjølv om det ikkje er tema for forvaltningsplanen, bør Statsforvaltaren ta opp til vurdering om kartlegginga gjev grunnlag for utviding av verneområdet.

Statens Naturoppsyn og Kystvakta må få ekstra midlar til å følgja opp verneområdet, m.a. med tanke på tjuvfiske og etterlatne fiskereiskapar.

Grensedraging

Ny grensedraging er ikkje tema for forvaltningsplanen. Naturvernforbundet vil likevel peika på at grensedraginga bør opp til ny vurdering fordi vi meiner ho er uheldig trekt fleire stader.

Særleg gjeld dette Hoplandsosen som gjennom den kraftige tidevasstraumen i Fosnstraumen er ei naturleg forlenging av Lurefjorden. Vi meiner difor at det bør setjast ei ny grense lenger ute i Hoplandsosen, t.d. mellom Hopland og Rossnes. I osen er det m.a. registrert eit større korallrev som ikkje er kartfest. Osen er dessutan eit viktig gyteområde for kysttorsk.

Tilsvarande gjeld utløpet av Bakkastraumen og Kilstraumen. Her kan yttergrensa med fordel setjast mellom Vardetangen og nordspissen av Ulvøy.

Tiltaksplanen

Tiltaksplanen støttar godt opp under tiltak som Naturvernforbundet meiner bør ha høg prioritet.

Det gjeld i sær kartlegging av sårbar og viktig natur og overvaking av vasskvalitet, men også kartlegging og rydding av tapte fiskereiskap og tiltak mot framande artar.

I planen saknar vi særleg ei nærare kartlegging av forureina sjøbotn slik som utanfor NGIR i Kjevikdalen, smoltanlegget på Nesfossen og tidlegare Mastrevik Slipp.

Vi meiner også at tiltaksplanen i større grad burde ha adressert kommunane sitt ansvar; i arealplanlegginga, men også gjennom vassforskrifta, arbeidet med vatn- og avlaupsanlegg og som forureiningsmynde.

Både Alver og Austrheim har under utarbeiding kommunedelplan for naturmangfald. Naturmangfaldplanen burde vera veileigna til å fremja nettopp dei tiltaka som forvaltningsplanen for Lurefjorden og Lindåsane prioriterer.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland

Norges Miljøvernforbund
Postboks 593
5806 BERGEN



Statsforvaltaren i Vestland - sfvlpost@statsforvalteren.no

Bergen 10. november 2023

Høyring av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde ¹

Norges Miljøvernforbund (NMF) gir følgende høringsinnspill til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Først vil NMF takke for at Statsforvalteren i Vestland følger opp verneområdet og de utfordringer dette fjordsystemet står ovenfor. Videre er vi enig med Statsforvalteren i at kunnskapsgrunnlaget også kan bli enda bedre.

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er et fjordsystem med en dyp terskelfjord med fire svært grunne terskler, der alle vannforekomstene i dag har fått tilstand klassifisert som dårlig. Det er store utfordringer som påvirker den økologiske og kjemiske tilstanden, og det er stor bekymring for at den vil kunne forverres betraktelig i fremtiden dersom ikke tiltak settes i verk for å forbedre den, redusere eksisterende tilførsler av næringssalter og andre miljøgifter. Videre går bekymringen på at utskiftingen av bunnvann under terskeldypet vil skje sjeldnere og sjeldnere i fremtiden grunnet økende havtemperaturer, slik Havforskningsinstituttet har dokumentert. ^{2 3} Dette vil kunne medføre ytterligere redusert tilstand vannkvalitet i de forskjellige dybdelagene og samtidig true de marine økosystemene man har tatt sikte på å ta vare på gjennom opprettelsen av det marine verneområdet.

Føre-var-prinsippet i naturmangfoldloven tilsier at en fortsettelse uten tilstrekkelig forbedrende tiltak med letthet vil kunne være det samme som at tilstanden vannkvalitet forverres ytterligere. Ettersom utskifting av vann som er avhengig av spesielle temperaturforhold, saltholdighet og vindretninger m.m, og en allerede vet at dette skjer sjeldnere og sjeldnere grunnet økende havtemperaturer, så er det all mulig grunn til alvorlig bekymring. Man vet dette er forhold som påvirker hyppigheten for utskifting i negativ retning, men man vet ikke når en når det brekkpunktet der en ikke lenger får skiftet ut fjordvannet. Dette fjordsystemet er svært dypt og lukket inne av svært grunne terskler. Worst case kan det være siste gangen fjordvannet blir helt utskiftet dersom vi allerede har nådd dette brekkpunktet for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Vi er alvorlig bekymret.

¹ [Høyring av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://www.hi.no/hi/nyheter/2022/januar/sjeldnare-utskifting-av-bassengvatn-i-terskelfjorlar)

² <https://www.hi.no/hi/nyheter/2022/januar/sjeldnare-utskifting-av-bassengvatn-i-terskelfjorlar>

³ <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-43>

Norges Miljøvernforbund

Hovedkontor:		Region Sør / Øst	Region Nord-Norge
Postboks 593	Tlf: 55 30 67 00	Postboks 9261	Postboks 446
5806 BERGEN	Faks: 55 30 67 01	Grønland	9255 TROMSØ
Skuteviksboder 24		0134 OSLO	
Bank: 9521.05.71982	Org.nr. 871 351 082 MVA	Tlf: 55 30 67 00	Tlf: 913 57 125
Internett: www.nmf.no	Epost: nmf@nmf.no	Epost: oslo@nmf.no	Epost: nord@nmf.no



Havforskningsinstituttet skriver følgende, sitert;

Terskelfjordar er grunne ved opninga mot sjøen, med djupare vatn innanfor terskelen. For at djupvatnet skal bli skifta ut, må det vera tilstrekkeleg tungt vatn ved kysten som blir «løfta» over terskelen ved hjelp av vinden.

Klimaendringane gjer derimot at kystvatnet blir varmare og lettare. Derfor skjer også desse utskiftingane sjeldnare no enn tidlegare: Det finst ikkje tungt nok vatn på terskelen som kan byta ut vatnet inne i fjorden.

Terskelfjordar får tilført oksygen gjennom den periodevise utskiftinga av vatnet. Mellom utskiftingane bruker fiskar, plankton og bakteriar oksygenet som vart tilført.

Kommunedirektøren vil opplyse om at forvaltning av sjøområdet inneberer å utøve mynde etter verneforskrifta og gi retningslinjer, informere ålmenta om verneverdiane og verneføresegn, registrere og dokumentere naturverdiar i området, planlegge og utføre skjøtsel og besøksforvaltning dersom det er nødvendig.

Han vil peike på at aktuell skjøtsel ved Lurefjorden og Lindåsosane kan vere å fjerne eventuelle framande artar, rydde avfall og andre tiltak som kan fremje verneføremålet. I og ved sjøfuglreservata som grensar til det marine verneområdet kan det vere aktuelt å fjerne framande treslag, men og slå, rydda, svi og få tilbake eit meir ope kystlandskap. Det er seks mindre sjøfuglreservat i Lurefjorden. Bestandane av dei fleste sjøfuglartane har gått sterkt tilbake i området dei siste tiåra, og i dag er berre eitt av desse sjøfuglreservata livskraftig. Å fjerna framande treslag på øyar og holmar i det marine verneområdet vil hjelpe det

biologiske mangfaldet knytt til både sjø og land, det gjeld særleg fuglelivet. Regionen vår er velkjend for sine lyngheier som har vore aktivt drivne gjennom mange tusen år, men som no mange stader er i sterk attgroing med mellom anna sitkagran. Å gjeva meir tilskot til aktive bønder som vil skjøtta og bruka lyngheiane til husdyrbeiting vil vera viktig her framover.

Det å fjerna mink som drep sjøfuglar vil vera eit viktig tiltak i det marine verneområdet også. Her kan Statens Naturoppsyn og Statsforvaltaren gjer eit viktig arbeid saman med lokale eldsjelar. Dette arbeidet bør prioriterast høgt i verneplanen.

Alt som kan endre økosystemet i Lurefjorden og Lindåsosane vil utgjere eit trugsmål mot verneverdiane. Større trugsmål er fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, vassutskifting, straumtilhøve og ureining.

Det marine verneområdet her har generelt ein dårleg resipient og er sårbar for forureining. I dag har vassførekomstane i verneområdet dårlegare tilstand enn god økologisk tilstand. Framande artar i sjøområdet her er og ein utfordring her som elles i landet. Det gjeld og avfall, plastpartiklar, marin forsøpling og tapte fiskereiskapar. Her som elles er handling ut frå god kunnskap om kva som bør gjerast, og prioriterast vera det viktigaste ein må ha med seg i ein forvaltingsplan, det gjeld og førebygging av uheldige miljøpåverknadar.

Det er behov for reduksjon i utslepp for å klare å forbetre miljøtilstanden og nå målet om god økologisk tilstand. Kommunedirektøren vil peike på at staten bør koma med tilskot til kommunane som ynskjer å føra vekk sine kommunale avløp frå det marine verneområdet. I eit økonomisk samarbeid med kommunane kan me få dette på plass raskare, slik arbeidd staten på 1990-talet, det er ingen grunn til at staten ikkje kan gjera dette i 2025 og framover. Det må difor setjast av pengar i Statsbudsjettet til kommunale avløpstiltak i verna marine sjøområde. Dette arbeidet bør prioriterast høgt i verneplanen.

Det gjeld og økonomiske ressurar til å ta opp avfall, tapte fiskereiskaper og rydda strender med meir. Kystverket kan gjera eit viktig arbeid her. Dette arbeidet bør prioriterast høgt i verneplanen.

Det hadde og vore fornuftig med eit statleg informasjonssenter knytt til det marine verneområdet vårt, det kan til dømes vera i Kilstraumen/Vardetangen (ved snøggbåtkaien) eller på Lyngheiseret på Lygra. Det hadde auka attraktiviteten, respekten og interessa for verneverdiane her. Det kunne og ha skapt nokre viktige arbeidsplassar knytt til formidling av natur og marine verneverdiar. Dette kan vera med som eit tiltak i forvaltingsplanen, det er ikkje nok med nokre informasjonsplakatar, etter kommunedirektøren sitt syn.

Kommunedirektøren meiner at med å ta med desse tiltaka som er nemnd over så vil forvaltningsplanen sikra ei heilskapleg forvaltning av verneområdet.

Miljømessige konsekvensar

Ein god forvaltningsplan vil ha gode miljømessige konsekvensar for vårt marine verneområde, men det må følgja med pengar og ressurar til gode tiltak her frå staten. Utan ressursar vert forvaltningsplanen mest prat og gode intensjonar, det gagnar ikkje det marine verneområdet.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren viser til vurderingane over, og rår til at forvaltingsplanen tek med seg at det trengst midlar og ressurar til aktiv handling og medverknad frå staten si side her på mange ulike område. Viser elles til saksutgreiinga over og forslag til vedtak.

Vedlegg

- 1 Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Fra: Vindedal, Hilde Solend[hilde.vindedal@statsforvalteren.no]
Sendt: 18.12.2024 11:34:35
Til: Postmottak Alver; Post Austrheim[post@alver.kommune.no;
post@austrheim.kommune.no]
Tittel: Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

You don't often get email from hilde.vindedal@statsforvalteren.no. [Learn why this is important](#)

Alver kommune og Austrheim kommune

Statsforvaltaren i Vestland ønskjer innspel frå Alver kommune og Austrheim kommune til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Forslag til forvaltningsplan for dette marine verneområdet var på høyring hausten 2023. I 2024 hadde vi eit møte om planen med kommunane. Vi har no starta opp at arbeidet med forvaltningsplanen og utvidar høyringsfrist til **23. februar 2025**.

Vi viser til brev sendt 11. september 2023 om høyring av forslag til forvaltningsplan. Forvaltningsplanen er tilgjengeleg på FPNV (verktøy for forvaltningsplanar på nett). [Se - VV00003638 - FPNV \(Forvaltningsplaner på nett\)](#) og på Statsforvaltaren i Vestland si heimeside [Høyring av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde | Statsforvaltaren i Vestland](#). Der er også innspel til oppstartsmeldinga om arbeidet med forvaltningsplanen lagt ut.

Frist for å kome med innspel er 23. februar 2025. Innspel skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, sfvlpost@statsforvalteren.no. Etter høyringa vil innspel til framlegget bli innarbeidd så langt det er mogeleg.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon!

Med venleg helsing
Hilde Solend Vindedal
rådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 23 38
E-post: hilde.vindedal@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvalteren.no/vl



Arkivsaknr: 2024/374-215
Sakshandsamar: Kristin Nåmdal
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - Høyringsuttale frå Alver kommune.

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune har fyljande innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde:

- Kommunedirektøren vurderer forvaltningsplan som eit verktøy for forvaltning av det marine verneområde i tråd med verneforskrifta.
- Alver kommune meiner det er viktig å ta vare på kulturminne i verneområde, ny bruk av gamle bygg er eit grep for eit levande kulturvern. Det er difor sentralt at forvaltningsstyresmakta vurderer søknaden om dispensasjonssaker i saker der ein til dømes ynskjer å bygge opp ei nedfallen sjøbu.
- I siste setning i punkt 14 «Bygningar og andre installasjonar»: «Kommunen må handsame søknad om flytebrygge først, slik at det blir handsama i tråd med kommunale planar, før det blir vurdert av forvaltningsstyresmakta for verneområdet» er i direkte strid med samordningsplikten i plan og bygningsloven § 21-5. Her må det presiserast i forskrifta kva type søknad det er meint kommunen skal behandle.
- Kommunedirektøren vil understreke at det er viktig at landbruksnæringa har høve til å drive vidare som i dag, utan nye restriksjonar enn gjeldande lovverk.
- Det er positivt at Alver kommune sine arealvurderinga i nedslagsfeltet på land, ikkje vil vere ein del av verneplanen sine retningliner.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø. Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Lurefjorden og Lindåsosane er eit spesielt marint fjord- og pollsystem i ytre kyststrok. Området vart verna som Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde ved kongeleg resolusjon den 23. juni.2020. Verneområdet omfattar heile Lurefjorden og Lindåsosane i kommunane Alver og Austrheim. Området er om lag 70 km² stort. Verneområdet inngår i Nordhordland UNESCO Biosfæreområde.

Det er utarbeida ei verneforskrift til verneområdet. Statsforvalter har ansvar for å utarbeide ein forvaltningsplan som skal sikre ei heilskapleg forvaltning av verneområdet i tråd med verneforskrifta. Forvaltningsplanen er ei presisering og utdjuping av verneforskrifta og gir retningslinjer for dispensasjonspraksis og bruk av området.

Forvaltningsplanen er på høyring. Alver kommune har fått frist til å gje høyringssvar innan utgangen av mars.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Verneforskrifta er gjeldande lovverk for verneområdet og regulerer kva som er tillate, kva som er forbode, og kva det kan bli gitt løyve til etter søknad om dispensasjon. Søknadar om dispensasjon frå vernereglane skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland som er forvaltningsstyresmakt. I verneforskrifta § 5 (spesifiserte dispensasjonsreglar) er det lista opp ei rekkje tiltak som er vurdert under verneprosessen. Desse tiltaka og aktivitetane kan forvaltningsstyresmakta etter søknad vurdere om skal få dispensasjon dersom tiltaket eller aktiviteten ikkje er i strid med verneføremålet.

Vurdering

Det er statsforvalter med grunnlag i Verneforskrifta med vernekart, som har utarbeida forvaltningsplanen. Denne skal gje retningslinjer for forvaltning av området.

Forvaltningsplanen beskriv naturverdiane, bruk og brukarinteresser, forvaltningsutfordringar og aktuelle tiltak for informasjon, kartlegging og overvaking i verneområdet.

Om området

Områda som grensar til verneområdet er prega av spreidd busetnad, fritidsbustader og naust med tilhøyrande båtplassar. Det er ein god del ferdsle med båt i verneområdet, både rekreasjon, fritidsfiske og kollektivtransport. Ei hovudferdsleåre nordover langs kysten går gjennom Lurefjorden, og trafikken er stor året rundt.

Regionen er kjent for lyngheier som har vore aktivt drivne gjennom mange hundreår, men som no mange stader er i attgroing. Landområda som grensar mot Lurefjorden og Lindåsosane er for det meste utmarksområde og noko landbruksområde med husdyrbeite.

Området er mykje nytta til sjøbasert rekreasjon og friluftsliv, med stor tilhøyrande trafikk av småbåtar. Fjøra vert aktivt brukt til rekreasjon, både av fastbuande og turistar, og grunneigarar som har naust nede ved fjøra.

I Kjevikdalen har NGIR ein interkommunal gjenvinningsstasjon med deponi og steinuttak.

Nesfossen Smolt AS driv landbasert oppdrettsanlegg for oppdrett av setjefisk av laks, aure og regnbogeaure på Nesfossen.

Det er kommunale avløp innanfor verneområdet. Alver kommune drifter tre med utslepp til Lurefjorden. Det er fleire sjøkablar og mange navigasjonsinstallasjonar i verneområdet.

Det er ingen restriksjonar i høve til ferdsle i verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Verneområdet har restriksjonar mot inngrep og aktivitetar som kan truge verneverdiane. Det er dette forvaltningsplanen set vidare rammer for.

Forvaltning av området

Forvaltning av området inneberer å utøve mynde etter verneforskrifta og gi retningslinjer, informere allmenta om verneverdiane og verneføresegn, registrere og dokumentere naturverdiar i området, planlegge og utføre skjøtsel og besøksforvaltning.

Alt som kan endre økosystemet i Lurefjorden og Lindåsosane vil utgjere eit trugsmål mot verneverdiane. Større trugsmål er fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, vassutskifting og straumtilhøve og ureining. Fjorden er generelt ein dårleg resipient og er sårbar for forureining.

Forvaltningsplanen har ein tiltaksdel og under vert det oppsummert kva som vil vere førande innan ulike områder.

Anlegg og innretningar: Etablering av anlegg og anleggsverksemd er i utgangspunktet forbode. Normalt vil det ikkje bli gitt løyve til utfylling, uttak og deponering av massar, sprenging, graving eller boring.

Drift og vedlikehald av anlegg: Drift og vedlikehald av eksisterande bygg, anlegg og andre innretningar som brygger og avløpsanlegg er tillate i verneområdet. All drift og vedlikehald må gjennomførast på ein slik måte at naturmangfald ikkje vert skada.

Sjøkablar og røyrleidningar: Legging av sjøkablar og røyrleidningar i verneområdet er i utgangspunktet forbode. Det vil normalt ikkje bli gitt løyve til nye inngrep i verneområdet. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar er tillate. Det kan etter søknad gis løyve til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak

Utslepp av næringstilførsle: Det er forbode med utslepp av kjølevatn frå land, avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining. Forbodet mot utslepp hindrar ikkje drift av eksisterande settefiskanlegg i verneområdet.

Avløpsrøyr: Nye og eksisterande avløp frå bustader og fritidsbustader skal i størst mogleg grad bli knytt til kommunale avløpsanlegg. Dersom det ikkje er mogleg å kople seg til kommunalt anlegg, kan ein søke om dispensasjon til å leggje ut avløpsrøyr i verneområdet. Dersom det er behov for legging av ny røyrleidning: skal same trasé som den gamle bli nytta

dersom det er mogleg. Utføring av avløpsvatn er i utgangspunktet ikkje tillat etter verneforskrift.

Utslepp av avløpsvatn frå bustad og fritidsbustad: Utføring av avløpsvatn er i utgangspunktet ikkje tillate etter verneforskrifta. Dette forbodet har ikkje til føremål å hindre bustader og fritidsbustader å ha vassklosett, og det kan etter søknad gis dispensasjon.

Etablering av nye bustader eller fritidsbustader: Etablering av nye bustader eller fritidsbustader i nedslagsfeltet til det marine verneområdet skal ikkje bli vurdert etter verneforskrifta, kommunen vurderer dette etter plan og bygningslova og kommunale planar.

Flytebrygger :Tiltakshavar kan søkje om dispensasjon frå verneforskrifta for etablering av flytebrygge i verneområdet. Dette bør vere i område der det allereie er infrastruktur med eksisterande bustader og hyttefelt. Oppankring på botn må skje på stader der det ikkje øydelegg viktige naturførekomstar, og skal ikkje skje lenger ut i verneområdet enn nødvendig.

Friluftsliv: bading, symjing, padling, dykking, ferdsel med båt eller andre fartøy som vass-skuter er tillate i verneområdet.

Fiske: Fiske og hausting av viltlevande marine artar regulert i havressurslova, haustingsforskrift og lakse- og innlandsfiskelova er tillate.

Kulturminne: Forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon for vedlikehald eller istandsetjing av kulturminne i verneområdet, så lenge det ikkje gir negative verknader for verneverdiane.

Landbruk: Landbruksdrift i området som grenser til sjø blir i utgangspunktet ikkje påverka av føresegnene i verneforskrifta. Tiltak og aktivitet som kan påverke det marine verneområdet vert regulert av anna lovverk.

Partar

- Alver kommune er høyringspart i saka

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren vurderer forvaltningsplan som eit verktøy for forvaltning av det marine verneområde i tråd med verneforskrifta. Det er opna for dispensasjonssøknader på ei rekke områder. Kommunedirektøren vil understreke at eventuelle dispensasjonssøknader må vurderast i kvar tilfelle og gjerne i dialog med Alver kommune som kjenner området godt.

For Alver kommune er det viktig at vi kan ta vare på kulturminne i verneområde, ny bruk av gamle bygg er sentralt for eit levande kulturvern. Det er difor viktig at forvaltningsstyresmakta vurderer søknaden om dispensasjonssaker i saker der ein til dømes

ynskjer å bygge opp ei nedfallen sjøbu. Alver kommune ønsker å vere positiv til eit aktivt kulturvern.

Når det gjeld siste setning punktet i punkt 14 «*Bygningar og andre installasjonar*»: «*Kommunen må handsame søknad om flytebrygge først, slik at det blir handsama i tråd med kommunale planar, før det blir vurdert av forvaltningsstyresmakta for verneområdet*» er i direkte strid med samordningsplikten i plan og bygningsloven § 21-5.

Her må det presiserast i forskrifta kva type søknad det er meint kommunen skal behandle. Vi kan behandle dispensasjonssøknader, men ikkje søknader om løyve.

Det er og slått fast at landbruksdrift i området skal ikkje bli påverka av føresegnene i verneforskrifta. Kommunedirektøren vil understreke at det er viktig at landbruksnæringa har høve til å drive vidare som i dag, utan nye restriksjonar enn gjeldande lovverk.

Det er positivt at Alver kommune sine arealvurderinga i nedslagsfeltet på land, ikkje vil vere ein del av verneplanen sine føringar. Desse vert styrt av plan og bygningslova.

Vedlegg

- 1 hoyring_framlegg-til-forvaltningsplan_lurefjorden-og-lindasosane-marine-verneomrade



Arkivsaknr: 2024/374-215
Sakshandsamar: Kristin Nåmdal
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - Høyringsuttale frå Alver kommune.

Utvalssak	Utval	Møtedato
43/25	Utval for areal, plan og miljø	26.03.2025
37/25	Kommunestyret	10.04.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune har fyljande innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 26.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 26.03.2025:

Alver kommune har fyljande innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde:

Alver kommune har fyljande innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde:

- Kommunedirektøren vurderer forvaltningsplan som eit verktøy for forvaltning av det marine verneområde i tråd med verneforskrifta.

- Alver kommune meiner det er viktig å ta vare på kulturminne i verneområde, ny bruk av gamle bygg er eit grep for eit levande kulturvern. Det er difor sentralt at forvaltningsstyresmakta vurderer søknaden om dispensasjonssaker i saker der ein til dømes ynskjer å bygge opp ei nedfallen sjøbu.
- I siste setning i punkt 14 «Bygningar og andre installasjonar»: «Kommunen må handsame søknad om flytebrygge først, slik at det blir handsama i tråd med kommunale planar, før det blir vurdert av forvaltningsstyresmakta for verneområdet» er i direkte strid med samordningsplikten i plan og bygningsloven § 21-5. Her må det presiserast i forskrifta kva type søknad det er meint kommunen skal behandle.
- Kommunedirektøren vil understreke at det er viktig at landbruksnæringa har høve til å drive vidare som i dag, utan nye restriksjonar enn gjeldande lovverk.
- Det er positivt at Alver kommune sine arealvurderinga i nedslagsfeltet på land, ikkje vil vere ein del av verneplanen sine retningliner.

Handsaming i Kommunestyret - 10.04.2025:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 10.04.2025:

Alver kommune har fyljande innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde:

- Kommunedirektøren vurderer forvaltningsplan som eit verktøy for forvaltning av det marine verneområde i tråd med verneforskrifta.
- Alver kommune meiner det er viktig å ta vare på kulturminne i verneområde, ny bruk av gamle bygg er eit grep for eit levande kulturvern. Det er difor sentralt at forvaltningsstyresmakta vurderer søknaden om dispensasjonssaker i saker der ein til dømes ynskjer å bygge opp ei nedfallen sjøbu.
- I siste setning i punkt 14 «Bygningar og andre installasjonar»: «Kommunen må handsame søknad om flytebrygge først, slik at det blir handsama i tråd med kommunale planar, før det blir vurdert av forvaltningsstyresmakta for verneområdet» er i direkte strid med samordningsplikten i plan og bygningsloven § 21-5. Her må det presiserast i forskrifta kva type søknad det er meint kommunen skal behandle.
- Kommunedirektøren vil understreke at det er viktig at landbruksnæringa har høve til å drive vidare som i dag, utan nye restriksjonar enn gjeldande lovverk.
- Det er positivt at Alver kommune sine arealvurderinga i nedslagsfeltet på land, ikkje vil vere ein del av verneplanen sine retningliner.

:

- Kommunedirektøren vurderer forvaltningsplan som eit verktøy for forvaltning av det marine verneområde i tråd med verneforskrifta.
- Alver kommune meiner det er viktig å ta vare på kulturminne i verneområde, ny bruk av gamle bygg er eit grep for eit levande kulturvern. Det er difor sentralt at forvaltningsstyresmakta vurderer søknaden om dispensasjonssaker i saker der ein til dømes ynskjer å bygge opp ei nedfallen sjøbu.
- I siste setning i punkt 14 «Bygningar og andre installasjonar»: «Kommunen må handsame søknad om flytebrygge først, slik at det blir handsama i tråd med kommunale planar, før det blir vurdert av forvaltningsstyresmakta for verneområdet» er i direkte strid med samordningsplikten i plan og bygningsloven § 21-5. Her må det presiserast i forskrifta kva type søknad det er meint kommunen skal behandle.
- Kommunedirektøren vil understreke at det er viktig at landbruksnæringa har høve til å drive vidare som i dag, utan nye restriksjonar enn gjeldande lovverk.
- Det er positivt at Alver kommune sine arealvurderinga i nedslagsfeltet på land, ikkje vil vere ein del av verneplanen sine retningliner.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for areal, plan og miljø. Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Lurefjorden og Lindåsosane er eit spesielt marint fjord- og pollsystem i ytre kyststrok. Området vart verna som Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde ved kongeleg resolusjon den 23. juni.2020. Verneområdet omfattar heile Lurefjorden og Lindåsosane i kommunane Alver og Austrheim. Området er om lag 70 km² stort. Verneområdet inngår i Nordhordland UNESCO Biosfæreområde.

Det er utarbeida ei verneforskrift til verneområdet. Statsforvalter har ansvar for å utarbeide ein forvaltningsplan som skal sikre ei heilskapleg forvaltning av verneområdet i tråd med verneforskrifta. Forvaltningsplanen er ei presisering og utdjuping av verneforskrifta og gir retningslinjer for dispensasjonspraksis og bruk av området.

Forvaltningsplanen er på høyring. Alver kommune har fått frist til å gje høyringssvar innan utgangen av mars.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Verneforskrifta er gjeldande lovverk for verneområdet og regulerer kva som er tillate, kva som er forbode, og kva det kan bli gitt løyve til etter søknad om dispensasjon. Søknadar om dispensasjon frå vernereglane skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland som er forvaltningsstyresmakt. I verneforskrifta § 5 (spesifiserte dispensasjonsreglar) er det lista opp ei rekkje tiltak som er vurdert under verneprosessen. Desse tiltaka og aktivitetane kan forvaltningsstyresmakta etter søknad vurdere om skal få dispensasjon dersom tiltaket eller aktiviteten ikkje er i strid med verneføremålet.

Vurdering

Det er statsforvalter med grunnlag i Verneforskrifta med vernekart, som har utarbeida forvaltningsplanen. Denne skal gje retningslinjer for forvaltning av området.

Forvaltningsplanen beskriv naturverdiane, bruk og brukarinteresser, forvaltningsutfordringar og aktuelle tiltak for informasjon, kartlegging og overvaking i verneområdet.

Om området

Områda som grensar til verneområdet er prega av spreidd busetnad, fritidsbustader og naust med tilhøyrande båtplassar. Det er ein god del ferdsle med båt i verneområdet, både rekreasjon, fritidsfiske og kollektivtransport. Ei hovudferdsleåre nordover langs kysten går gjennom Lurefjorden, og trafikken er stor året rundt.

Regionen er kjent for lyngheier som har vore aktivt drivne gjennom mange hundreår, men som no mange stader er i attgroing. Landområda som grensar mot Lurefjorden og Lindåsosane er for det meste utmarksområde og noko landbruksområde med husdyrbeite.

Området er mykje nytta til sjøbasert rekreasjon og friluftsliv, med stor tilhøyrande trafikk av småbåtar. Fjøra vert aktivt brukt til rekreasjon, både av fastbuande og turistar, og grunneigarar som har naust nede ved fjøra.

I Kjevikdalen har NGIR ein interkommunal gjenvinningsstasjon med deponi og steinuttak.

Nesfossen Smolt AS driv landbasert oppdrettsanlegg for oppdrett av setjefisk av laks, aure og regnbøgeaure på Nesfossen.

Det er kommunale avløp innanfor verneområdet. Alver kommune drifter tre med utslepp til Lurefjorden. Det er fleire sjøkablar og mange navigasjonsinstallasjonar i verneområdet.

Det er ingen restriksjonar i høve til ferdsle i verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Verneområdet har restriksjonar mot inngrep og aktivitetar som kan tru verneverdiane. Det er dette forvaltningsplanen set vidare rammer for.

Forvaltning av området

Forvaltning av området inneberer å utøve mynde etter verneforskrifta og gi retningslinjer, informere allmenta om verneverdiane og verneføresegn, registrere og dokumentere naturverdiar i området, planlegge og utføre skjøtsel og besøksforvaltning.

Alt som kan endre økosystemet i Lurefjorden og Lindåsosane vil utgjere eit trugsmål mot verneverdiane. Større trugsmål er fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, vassutskifting og straumtilhøve og ureining. Fjorden er generelt ein dårleg resipient og er sårbar for forureining.

Forvaltningsplanen har ein tiltaksdel og under vert det oppsummert kva som vil vere førande innan ulike områder.

Anlegg og innretningar: Etablering av anlegg og anleggsverksemd er i utgangspunktet forbode. Normalt vil det ikkje bli gitt løyve til utfylling, uttak og deponering av massar, sprenging, graving eller boring.

Drift og vedlikehald av anlegg: Drift og vedlikehald av eksisterande bygg, anlegg og andre innretningar som brygger og avløpsanlegg er tillate i verneområdet. All drift og vedlikehald må gjennomførast på ein slik måte at naturmangfald ikkje vert skada.

Sjøkablar og røyrleidningar: Legging av sjøkablar og røyrleidningar i verneområdet er i utgangspunktet forbode. Det vil normalt ikkje bli gitt løyve til nye inngrep i verneområdet. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar er tillate. Det kan etter søknad gis løyve til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleiltak

Utslepp av næringstilførsle: Det er forbode med utslepp av kjølevatn frå land, avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining. Forbodet mot utslepp hindrar ikkje drift av eksisterande settefiskanlegg i verneområdet.

Avløpsrør: Nye og eksisterende avløp frå bustader og fritidsbustader skal i størst mogleg grad bli knytt til kommunale avløpsanlegg. Dersom det ikkje er mogleg å kople seg til kommunalt anlegg, kan ein søke om dispensasjon til å leggje ut avløpsrør i verneområdet. Dersom det er behov for legging av ny rørleidning: skal same trasé som den gamle bli nytta dersom det er mogleg. Utføring av avløpsvatn er i utgangspunktet ikkje tillat etter verneforskrift.

Utslepp av avløpsvatn frå bustad og fritidsbustad: Utføring av avløpsvatn er i utgangspunktet ikkje tillate etter verneforskrifta. Dette forbodet har ikkje til føremål å hindre bustader og fritidsbustader å ha vassklosett, og det kan etter søknad gis dispensasjon.

Etablering av nye bustader eller fritidsbustader: Etablering av nye bustader eller fritidsbustader i nedslagsfeltet til det marine verneområdet skal ikkje bli vurdert etter verneforskrifta, kommunen vurderer dette etter plan og bygningslova og kommunale planar.

Flytebrygger : Tiltakshavar kan søkje om dispensasjon frå verneforskrifta for etablering av flytebrygge i verneområdet. Dette bør vere i område der det allereie er infrastruktur med eksisterende bustader og hyttefelt. Oppankring på botn må skje på stader der det ikkje øydelegg viktige naturførekomstar, og skal ikkje skje lenger ut i verneområdet enn nødvendig.

Friluftsliv: bading, symjing, padling, dykking, ferdsel med båt eller andre fartøy som vassskuter er tillate i verneområdet.

Fiske: Fiske og hausting av viltlevande marine artar regulert i havressurslova, haustingsforskrift og lakse- og innlandsfiskelova er tillate.

Kulturminne: Forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon for vedlikehald eller istandsetjing av kulturminne i verneområdet, så lenge det ikkje gir negative verknader for verneverdiane.

Landbruk: Landbruksdrift i området som grenser til sjø blir i utgangspunktet ikkje påverka av føresegnene i verneforskrifta. Tiltak og aktivitet som kan påverke det marine verneområdet vert regulert av anna lovverk.

Partar

- Alver kommune er høyringspart i saka

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren vurderer forvaltningsplan som eit verktøy for forvaltning av det marine verneområde i tråd med verneforskrifta. Det er opna for dispensasjonssøknader på ei rekke områder. Kommunedirektøren vil understreke at eventuelle dispensasjonssøknader må vurderast i kvar tilfelle og gjerne i dialog med Alver kommune som kjenner området godt.

For Alver kommune er det viktig at vi kan ta vare på kulturminne i verneområde, ny bruk av gamle bygg er sentralt for eit levande kulturvern. Det er difor viktig at forvaltningsstyresmakta vurderer søknaden om dispensasjonssaker i saker der ein til dømes ynskjer å bygge opp ei nedfallen sjøbu. Alver kommune ønsker å vere positiv til eit aktivt kulturvern.

Når det gjeld siste setning punktet i punkt 14 «*Bygningar og andre installasjonar*»: «*Kommunen må handsame søknad om flytebrygge først, slik at det blir handsama i tråd med kommunale planar, før det blir vurdert av forvaltningsstyresmakta for verneområdet*» er i direkte strid med samordningsplikten i plan og bygningsloven § 21-5.

Her må det presiserast i forskrifta kva type søknad det er meint kommunen skal behandle. Vi kan behandle dispensasjonssøknader, men ikkje søknader om løyve.

Det er og slått fast at landbruksdrift i området skal ikkje bli påverka av føresegnene i verneforskrifta. Kommunedirektøren vil understreke at det er viktig at landbruksnæringa har høve til å drive vidare som i dag, utan nye restriksjonar enn gjeldande lovverk.

Det er positivt at Alver kommune sine arealvurderinga i nedslagsfeltet på land, ikkje vil vere ein del av verneplanen sine føringar. Desse vert styrt av plan og bygningslova.

Vedlegg

- 1 hoyring_framlegg-til-forvaltningsplan_lurefjorden-og-lindasosane-marine-verneomrade

Fra: Kristin Næmdal[kristin.næmdal@alver.kommune.no]
Sendt: 25.04.2025 11:39:19
Til: Vindedal, Hilde Solend[hilde.vindedal@statsforvalteren.no]
Tittel: Saksprotokoll Forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane
marine verneområde- Høyringsuttale frå Alver kommune

Hei,
Sender også saksprotokoll frå møte.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Tove Mette Arnø Fyllingen <tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no>
Sendt: fredag 25. april 2025 09:53
Til: Kristin Næmdal <kristin.næmdal@alver.kommune.no>
Emne: Saksprotokoll Forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine
verneområde- Høyringsuttale frå Alver kommune

Hei
Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar: adfc854a-a206-4f4c-
9e87-41eee2f21625

Vår: 21/2242 - 22/21596

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:

15.03.2022

Tilbakemelding frå Alver kommune på melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Alver kommune viser til melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, med frist for innspel 15.03.2022.

Alver kommune viser til at tema som kulturarv og friluftsliv og ferdsel er svært viktig i dette området, og vil peike på nokre tema som er viktig at ein ser på i arbeidet med forvaltningsplanen:

- Lindåsslusane. Her har Alver kommune og fått melding frå [Slusevennene](#) at dei ønskjer å bli involvert i dette arbeidet.
- Fosenstraumen og anna steinalder
- Lygra og Lurekalven
- Seim
- Østersdyrking
- Informasjon og tilrettelegging
- Sikra friluftsområde ved sjø.
- Tilkomst til sjø (t.d. Lygra.)
- Fritidsfiske

Vidare er det eit innspel om forvaltningsplanen kan forklare/utfylle den geografiske avgrensinga som ligg i ordlyden «mot land langs djupnekote 2 meter under sjøkartnull».

Alver kommune vil og spele inn at forvaltningsplanen må gjere greie for rutinar for sakshandsaming av forskrifta i reguleringsplanarbeid.

Forvaltningsplanen bør tydeleggjere kva type tiltak som krev dispensasjon frå verneforskrifta når det gjeld utslepp til verneområde og t.d. avløpsleidningar som går ut i sjø. Vi meiner at verneforskrifta set krav om dispensasjon for begge delar, men at praksisen i sakshandsaminga frå Statsforvaltaren har vore litt ulik etter at verneforskrifta vart vedtatt. Forvaltningsplanen bør og vere konkret når det gjeld rettleiing for verneområdet som resipient ved framtidig utbygging som krev nye/auka utslepp av

avløpsvatn og ved etablering av næringsverksemd som kan få verknad i form av utslepp både til sjø og luft.

Alver kommune ønskjer at det vert gjennomført møte med kommunen i høyringsperioden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Arealforvaltning

Siril Therese Sylta
tenesteleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:
c21e17d2-d193-45f2-a645-
92a2110d3407

Vår ref.:
22/296 - 2 / ANT

Dato:
22.02.2022

Oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde- Innspel frå Austrheim kommune

Statsforvaltaren i Vestland har kunngjort oppstart av arbeidet med ein forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i kommunane Alver og Austrheim.

Austrheim kommune grensar til Lurefjorden så berre denne fjorden vert tema her. Austrheim kommune meiner at det er nokre tema og brukarinteresser det kan vere aktuelt å vurdere i forvaltningsplanen framover. Desse er:

1. Tilskot til tiltak som får kommunale utslepp ut av Lurefjorden

Det hadde vore positivt for miljøet i Lurefjorden om Staten hadde gjeve økonomiske tilskot til kommunane Austrheim og Alver i arbeidet med å få vekk eksisterande kommunale utslepp ut av Lurefjorden, eller som reinsar utsleppa optimalt, der ein ikkje kan få det ut av dette fjordsystemet.

Det same gjeld frå bustadfelt/bustadområde, der ein gjennom økonomisk verkemiddel/tilskot kan få eksisterande utslepp ut i Fensfjord-bassenget, eller få reinsa utsleppa betre enn det ein gjer her i dag.

2. Tilskot til reinseanlegg frå avløp

Det hadde og vore positivt om privatpersonar hadde fått tilskot til å få på plass reinseanlegg (minireinseanlegg) og bygde om sine eksisterande utslepp som i dag gjerne går frå slamavskiljarar og vidare i tett leidning ut i Lurefjorden. Her må me vera løysingsorienterte. Gjerne 50 % tilskot eller tilskot opp til kr. 50.000 pr. eldre avløpsanlegg som vert skifta ut med reinseanlegg. Det kostar meir å både innstallera og drifta eiy minireinseanlegg kontra eit anlegg med slamavskiljar (septiktank)

3. Klok arealforvalting

Det finst mange private og offentlege kablar/leidningar og tekniske inngrep i Lurefjorden. I handsaming av framtidige søknadar om mindre flytebyggjer for småbåtar så vil Austrheim kommune påpeika at det ofte er betre med ei flytebyggjer (der det alt er inngrep/bygg frå før), enn til dømes 4 flytebøyer (blåser med iler/fortøyingstau der 4 båtar ligg langs stranda i ei lang rekke. Ei flytebyggje tek mindre arealbeslag og er tryggast for av- og påstigning for folk flest.

Å spela på lag med folk der dette er fornuftig og ikkje råkar det ein vil ta vare på i fjordområdet vårt, det vil og forsterka gleden folk har av å ha eit marint verneområde omkring seg. Forvaltningsplanen må spela på lag med innbyggjarane våre. Ikkje lag problem av ingenting. Ta med dykk dette i forvaltningsplanen.

4. Meir kunnskap for å sikra verneverdiane

Det er alltid behov for meir kunnskap for å sikra verneverdiane. Austrheim kommune ynskjer ein marin kartlegging av Lurefjorden. Dette er ikkje gjort i dag. Me veit og at det utanfor dei sterke straumane våre som går nordover, til dømes i Hoplandsosen, nord for Fosnstraumen har koralrev, dei er ikkje registrert i dag. Forvaltingsplanen bør difor ta inn over seg aktivitetar/naturmangfaldet og naturtypar i sjøområde som er utanfor verneområdet Lurefjorden, men som er i influensområda til Lurefjorden, dette gjennom desse sterke vassmassane/sjøstraumane som går inn og ut i Lurefjorden. Dei sterke straumane våre er både viktige og er sjeldne marine naturtypar. Artsmangfaldet i og langs desse lange og sterke straumane er unike, lite er kartlagt her. I Austrheim kommune har me Fosnstraumen, Kilstraumen, Bakkastraumen. Desse straumane er mykje brukt i reiselivet, friluftslivet, fiske, dykking og til rekreasjon. Mane kulturminne, både yngre og eldre er knytta til desse straumane og.

5. Tilrettelegging og informasjon

Det er eit sterkt behov for tilrettelegging og informasjon om dette marine verneområdet. Her bør Staten bidra med både arbeidsplassar og informasjonsarbeid. Dette kan gjerne skje i tilknytning og i ein kombinasjon med kommunehuset på Austrheim, overnatting/reiselivsverksemda i Kilstraumen og ved Lyngheisenteret på Lygra som ligg midt i Lurefjorden.

Men både i bibiloteke våre, på Austrheim Vidaregåande skule og i grunnskulane våre kan dette informasjonsarbeidet prioriterast. Dette arbeidet er viktig for at folk skal forstå bakgrunnen og behovet for den marine verneplanen for Lurefjorden og Lindåsosane. Årleg guiding med båt for publikum for å formidla verneverdiane i sjøområdet her hadde vore ynskjeleg. Å få formidla alle dei arkeologiske funna frå steinalderen i Fosnstraumen fram for publikum på ein god måte hadde vorte positivt for verneverdiane og.

6.Strandrydding

Staten må saman med friviljuge lag/organisasjonar/skular prioritera å setja av årlege økonomiske og menneskelege ressursar til strandrydding i dette marine verneområdet. Dette saman med formidling vil kunne overføra viktig kunnskap til nye generasjonar om verneverdiane her.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvalteren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dato: 10.03.2022
Vår ref: 22/00654-2
Deres ref:

Fråsegn utan merknad til melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 18. februar 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

Om saka

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald.

Forvaltningsplanen skal innehalde skildring av naturverdiane i Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, bruk av området, historikk og utarbeide retningslinjer for handsaming av dispensasjonar. Ein forvaltningsplan ikkje skal opne for ny vurdering av verneforskrift eller grensedraging, men skal utfylle forskrifta og vere ei rettleiar for å få til ein god forståing av ulike paragrafer, særleg på område der det må nyttast skjønn i forvaltninga.

Fråsegn frå DMF

DMF har vurdert om forvaltningsplan til Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde rører ved nokon av våre fagområde og kan vere i konflikt med utnyttinga av mineralressursar i verneområda. Verneforskrifta¹ er geografisk avgrensa til marine område og rører difor ikkje ved mineralressursar på land og fell difor utanfor minerallovas stadlege verkeområde.² DMF kan ikkje sjå at forvaltningsplanen og verneforskrifta rører ved registrerte førekomstar av mineralske ressurser, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi har difor ingen merknadar til meldinga, men ber om å få saka oversendt dersom vidare handsaming av saka viser at nokon av våre fagområde blir omfatta.

¹ [Jf. forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde § 2](#)

² [Jf. minerallova § 4](#)



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Att:

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Alver og Austrheim kommuner - Melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Vi syner til brev frå Statsforvaltaren i Vestland datert 18.02.22 med melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Føremål og planstatus

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald. I 2020 trådde det i kraft ein eigen forskrift for verneområda. I samband med forskrifta har Statsforvaltaren i Vestland planlagt å starte opp med å utarbeide ein forvaltningsplan. Planen skal fungere som ein rettleiar og gje retningslinjer for kva som er lov og ikkje ut i frå ramma i verneforskrifta.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følge for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Våre innspel

Fiskeridirektoratet region Vest ser generelt positivt på at det utviklast ein forvaltningsplan som skal fungere som rettleiar til forskrifta. For mange partar kan ein slik rettleiar vere til god hjelp for å tolke paragrafar, og gje konkrete døme på kva som er lov og ikkje.

I Lurefjorden og Lindåsosane er det i kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) registrert gytefelt torsk MB (HI sin registrering), fiske med passive og aktive reiskap (tre rekefelt) og fleire små låssetjingsplassar. Fiskeridirektoratet region Vest sin oppgåve er mellom anna å sjå til at fiskeriinteressene vert ivaretekne. Slik vi fortstår oppstartsmeldinga er det ikkje snakk om ein ytterlegare innstramming av aktivitet i områda. I praksis vil det seie at reglane for fiskeri ikkje vert endra. I følge forskrifta § 4 er det mellom anna tillate med

- c) hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og andre lover og forskrifter, med unntak for hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter

- d) tradisjonell låssetjing av fisk
- e) fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven
- f) jakt og fangst i samsvar med andre lover og forskrifter
- g) ferdsel med båt eller andre fartøy

Etablert fiskeriaktivitet kan ein altså helde fram med.

Eit innspel frå Fiskeridirektoratet region Vest er at forvaltningsplanen kunne tatt med ein forklaring på termar brukt i forskrifta. Her er nokon eksemplar:

- Kva meiner ein med «konsentrerte tilførsler av ureining» (§ 3 c).
- Ikkje alle veit at det er forskjell på «levendelagring av villfanga fisk» og «låsetjing av fisk» (§ 4 d og 5 l) (sjå forklaring lenger nede)
- Kva meiner ein med «tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen» (§ 5 f)

Levendelagring av villfanga fisk og låsetjing av fisk

Levendelagring inntil 12 veker¹

Levendelagring er når villfanga fisk fangast og oppbevarast i merdar i inntil 12 veker før dei sendast vidare til eit tradisjonelt mottak eller oppdrettsslakteri. Føremålet med levendelagring er å auke verdien av fanga villfisk når tilgjengelegheit av fisk er god og fiskeprisene er låge. Fisken fôrast og det er krav om fiskehelse, velferd for dyra og mattryggleik i heile perioden den oppbevarast i ventemerden.

Låsetjing²

Låsetjing er når fiskarar fortøyer steng og nøter for levendelagring av fangst i ein avgrensa tidsperiode (frå nokon dagar til fleire veker) før omsetjing. Til forskjell frå levendelagring, fôrast ikkje fisken, fordi den skal vere åtefri (tom for næring i mage og tarm). Låsetjingsplassen må vere egna med tanke på vern mot vêr, vind og straum for å unngå tap av fangst og skade på og stress for fisken. Plassen krevje stort areal til sjølve stenget, fortøyingar og til manøvrering av nøter.

Fiskeridirektoratet region Vest håper våre innspel kan vere til hjelp. Vi ber om å få planen på høyring når den er klar for offentleg ettersyn.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

¹ Informasjon henta frå [Mattilsynet](#) sin nettside.

² Informasjon henta frå [Fiskeridirektoratet](#) sin nettside og Torstensen, E (2007), Låsettingsplasser – Kriterier for egnethet. Forprosjekt – En litteraturstudie. Rapport til Fiskeri- og Havbruksnæringens Forskningsfond.





Mottakarliste:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Kopi til:

Alver Kommune

Postboks 4

5906

Frekhaug

Austrheim Kommune

Sætremarka 2

5943

Austrheim

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

Bergen

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

Ålesund

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen





KYSTVERKET

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Deres ref.:	Vår ref	Arkiv nr	Saksbehandler	Dato
	2022/823-2		Håkon Aamodt	14.03.2022

Uttale til oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Vi viser til deres brev av 18.02.2022 vedrørende oppstart av forvaltningsplanarbeid for lokaliteten Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Det kommer frem av mottatt informasjon at formålet med vern av disse områdene er å ta vare på et unikt fjord- og pollsystem, med lavt oksygeninnhold. Det forekommer særegne naturverdier innenfor det foreslåtte verneområdet og at det er en målsetning å holde verneverdiene fri for større ytre påvirkning.

Kystverket

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerhet og beredskap mot akutt forurensning. Kystverket arbeider for en effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringens behov for fremkommelighet og effektive havner. Kystverket deltar i planmedvirkning og utøver myndighet etter havne- og farvannsloven. Havne- og farvannsloven (2019) har som formål å fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv. Kystverket skal ivareta disse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

Kystverkets innspill


Kystverket har ingen konkrete merknader til varslet oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Vi ber om å inkluderes videre i forvaltningsplanprosessen og vi ber også om å få planen på høring når den er klar for offentlig ettersyn.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Med hilsen

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Håkon Aamodt
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Fiskeridirektoratet

Postboks 185 Sentrum

5804

BERGEN

Innspel til melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Den frivillige organisasjonen Lindås Slusene vart skipa i april 2017 for å sikra historia vår og skapa ny aktivitet rundt Lindåsslusene og sjøområdet i Lindåsosane.

Ei vidareutvikling av dette historiske kulturområdet gjennom samarbeid med eksisterande lag, private bedrifter, kommunane i Nordhordland, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Kystverket og andre offentlege instansar.

Arbeidet med Lindås sjøsluser har kome langt, men framleis står det att ein del arbeid i slusene. Kystverket, Riksantikvaren, Vestland fylkeskommune, Lindås kommune, Bergen – og Omland havnevesen har, i lag med mange private aktørar, løyvd om lag 15 millionar til prosjektet.

Historikk og restaurering

Lindås sjøsluser er eit av to sjøsluseanlegg i Noreg. Slusene ligger i Spjotøystraumen mellom Lurefjorden og Lindås pollene i Alver kommune (tidligere Lindås) i Vestland fylke. Anlegget varti bygd 1908 og den var ein føresetnad for dampskipsrutedrift med anløp Lindås. Dette er den eine av to sjøsluser i Norge, den andre er i Skjoldastraumen i Rogaland.

Forvaltningsplanen

Sidan forvaltningsplanen ikkje skal opne for ny vurdering av verneforskrift eller grensedraging, men utfylle forskrifta og vere ei rettleiar for å få til ein god forståing av ulike paragrafer, er det viktig at omsynet til Lindås sjøsluser vert tatt omsyn til planen.

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde og Lindås sjøsluser er begge viktige innslag i Nordhordland.

Vi ber difor om å bli ei **høyringsinstans** i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen.

Med vennleg helsing

Vidar Langøy-Jørgenvik | Lindås Slusene

Org. 919 185 163

vidarlangoy@hotmail.com

Tlf. 90 91 20 69

From: Vidar Langøy-Jørgenvik[vidarlangoy@hotmail.com]

Sent: 14.03.2022 10:53:27

To: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Subject: Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og lindåsosane

Hei.

Vi i den frivillige organisasjonen Lindås Slusene ønsker med dette å koma med Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane.

Vedlagt:

Innspel til forvaltningsplan.

Tilleggsinformasjon med historia om Lindås Slusene av Harald Hundvin.

Vennleg helsing,

Vidar Langøy-Jørgenvik |

Spjotøyvegen 155

5955 Lindås

Mobil 90 91 20 69

Lindåsslusene i Skallestraumen

Forfatter: Harald Hundvin

Publiseringsdato: 23.11.2006

I 1870-åra auka dampbåtferdsla i Nordhordland mykje, og fleire og fleire bygdelag ba om at dette transportvidunderet også måtte stogga i deira bygd. I slutten av 1876 søkte Lindås herad om at båten måtte koma inn til Lindås og Vågseidet. Frå fjorden utanfor og inn til Lindås-osen fører fleire stride straumar, men berre 2 av desse var det mogleg å bruke som båtlei: Det var Kjerringstraumen og Skallestraumen.



D/S «Austrheim» i Lindåsslusene. Foto: Bergens Sjøfartsmuseum.

Desse straumane kan vera temmeleg stride når sjøen flør eller fjerar, og då kan ikkje båtar gå der. Difor måtte båten alltid venta ved ein kai utanfor Skallestraumen til det vart flo sjø og straumen stilna, og denne ventetida kunne ofte verta lang. Kaien fekk difor namnet «Pinebenken», og den heiter det den dag i dag.

Ein eller annan framsynt mann (truleg doktor Th. Collet) hadde teke opp denne vansken med ingeniøren i Hamnестellet, og dei hadde sendt ein søknad til staten om å få sprengja ei renne i Skallestraumen. Dei meinte med dette at det skulle verta ei brukande båtlei.

Den 12. oktober i 1876 fekk Lindås herad oversendt alle dokumenta frå Hordaland fylke.

Kravet frå staten var:

- 1) Lindås herad måtte yta tilskott til utsprenginga.
- 2) Privatfolk måtte yta liknande tilskott.
- 3) Lindås herad måtte tinga med mylneeigar Huun om at han måtte setja ned kravet om godtgjerdsla. Hans krav var kr. 6.400.
- 4) Tinga med grunneigaren i Spjotøy om lov til å sprengja i Skallestraumen.

Med 21 mot 6 røyster gjorde heradstyret seinare dette vedtaket: «Heradet yter kr. 400,- til arbeidet. Ei nemd på 3 menn skulle garantera for at privatfolk ytte det same». Dei 3 mennene som garanterte for summen var: Dr. Th. Collet, lensmann Laastad og Jacob Fjellanger. Pengane fekk dei inn, og arbeidet med sprenginga var ferdig i 1889.

Etter sprenginga vart Skallestraumen mykje stridare enn før, og nå synte deg seg at ei flu i Kjerringstraumen måtte sprengjast bort. Til dette arbeidet gav staten kr. 100,-. Samstundes gav Lindås herad kr. 50,- til utbetring av dragvegen på søre sida av Kjerringstraumen. Men trass i alt dette arbeidet, måtte båten likevel ha si ventetid ved «Pinebenken», til stor leielse for dei reisande.

Kanal og hamnестellet arbeidde nå vidare med plan om ei større utsprenging i Skallestraumen, men då bad Lindås heradstyre om at dei venta litt med dette, for det såg ut til at det ville koma nye eigarar til Mylna og

grunnen ikring. Etter tingingar hadde Huun sett sitt krav til kr. 4.000,-, og grunneigaren ville ha kr. 800,-. Ikkje lenge etter overtok Jacob Bergfjord Mylna ved arvefeste, og straks kom det meir fart i arbeidet med å gjera Skallestraumen til ei god båtlei, for nå hadde planen om sluse dukka opp.



Lindåsslusene. Foto: Bergens Sjøfartsmuseum.

I 1897 gjorde så Lindås herad samrøystes vedtak om - «Å be Riksstyret byggja sluse i Skalle - straumen, og at pengar til dette arbeidet måtte verta sett av på Riksbudsjettet alt i 1898- 99.» Saka kom attende til heradstyret i 1899, med dei vilkår som heradstyret måtte gjera vedtak om.

Den 22. november 1899 hadde heradstyret møte. På dette møtet var også fylkesmann (amtmann) Hroar Olsen med. Ei nemnd på 4 menn hadde etter pålegg frå heradet arbeidd med «slusesaka», og etter framlegg frå dei gjorde heradstyret med 23 mot 9 røyster dette vedtaket:

- A) Når arbeidet med slusene var ferdigt, skulle heradet ta på seg alt vedlikehald av slusene.
- B) Heradet skulle bera alle utgifter med opning og stengning av slusene.
- C) Heradet skulle ta på seg alle utgifter for skadebot som arbeidet måtte føra med seg.
- D) For å få inntekt til å dekkja desse utgiftene, skulle alle som reiste gjennom slusene, betala ei avgift etter eit regulativ, som Kongen skulle godkjenna.

Dei 4 mennene som hadde utarbeidd dette vedtaket, var Martinus Ones, Jonas Marås, lensmann Laastad, og ordfører A. Haraldsen - alle vel kjende føregangsmenn i Lindås. I 1901 sende Hamnedirektøren heradstyret framlegg til «Reglement for brug av slusene i Lindås», og desse vart samrøystes godkjende. Med Jacob Bergfjord, som eigar av Mylna, hadde heradet kome fram til avtale om ei godtgjersla på kr. 500, - «for dei tap og den skade han måtte få for skuld sluse - arbeidet». Dette vart vedteke med 19 mot 14 røyster. Mindretalet ville gå til oreigning «fordi kravet frå Bergfjord var mykje for Stort».

Arbeidet med slusene kom i gang sumaren 1903. Same året truga eigaren av Spjotøy heradet med saksøking, dersom ikkje han også fekk skadebot for slusearbeidet. Heradstyret baud han kr. 100,- ein gong for alle, men det ville han ikkje godta. Han la opp sak mot heradet, og det vart ei lang og dyr soge: Domen fall i 1905:

Han tapte saka, og fekk kr. 100,- i sakskostnader. Han anka domen inn for Høgsterett, og 16. oktober 1912 sa Høgsterett dom i saka, som då hadde vara i 9 år (frå 1903-1912). Han tapte saka på nytt, og fekk kr. 450, - i sakskostnader.

Avtalen med Hamnestellet var, at så snart dei var ferdige med slusene, skulle dei ta opp arbeidet med å tryggja båtleia i Haukåsstraumen, så båten kunne gå trygt inn til Vågseidet. Godkjend plan for dette arbeidet førelåg, men Hamnestellet kom med ein ny plan som var mykje billigare enn den første planen, men ikkje på langt nær så god. Mot denne siste planen protesterte Nils Stene og kapteinen på rutebåten «Nordhordland». Heradstyret var samde med dei, og så måtte Hamnestellet arbeida etter den første godkjende planen.

Det vart ikkje arbeidd på slusene heile året, men kvart år berre for den sum som var avsett på Riksbudsjettet, så det tok si tid å få slusene ferdige. Men endeleg, våren 1908 var slusene ferdige, og den 12. juni 1908, overtok Lindås herad slusene i Skallestraumen. Heradstyret tilsette Jacob Bergfjord som «slusevaktar» for ei årsløn, stor kr. 500,-. På fyllinga ved slusene bygde heradet ei bu, slik at påfyllinga av olje og kveiking av lyktene kunne føregå inne. 2 menn, Jacob B. O. Vabø og Nils L. Hundvin vart pålagde å koma med framlegg til takstar for dei som kom til å nytta slusene.

Etter framlegg frå dei, vedtok heradstyret den 11. april 1911 desse takstane:

1. Robåtar: kr. 0,25.
2. Båtar som berre krev opning av 1 sluseport: kr. 0,40.
3. Større farty: kr. 0,75.
4. Møkprammar med slep: kr. 1,50.
5. Mindre prammar: kr. 1,-.
6. Rutebåtar: kr. 0,60.
7. Ferdafolk med rutebåtar og andre farty: kr. 0,10.

Billettøren på rutebåten skulle krevja inn avgifta av dei som reiste med rutebåten. For andre som fór gjennom slusene, skulle slusevaktaren krevja inn avgifta.

Heradstyret vedtok samstundes at «slusekassen» skulle ha eigen kassastyrar. Dei pengane som kom inn i avgifter skulle ikkje gå vegen om heradskasseraren. Jacob B. O. Vabø vart samstundes tilsett som «slusekassastyrar.»

Kloke og framsynte menn hadde med dette skapt ei god og trygg båtlei for folket i denne luten av Nordhordland, og bygdefolket var vel nøgde med utfallet. Heradstyret sende også eit takkeskriv til Riksstyret for den hjelp dei hadde gjeve til dette arbeidet. I alle år slusene var i bruk, virka dei perfekt. Då den første slusevaktaren døydde, vart sonen, Anton

Bergfjord, ny slusevaktar. Takstane for bruk av slusene vart gjennom åra svært lite endra.

Etter siste verdskrig vart ferdsla meir førd over frå sjø til land. Rutebilen og varebilen tok meir og meir over båten si oppgåve, og mot slutten av 1950-åra var båten borte for godt. Det var ikkje bruk for slusene meir, og portane vart opna for siste gong. Straumen får nå gå fritt som i gamal tid, og slusene står til nedfalls.

Den nye oppveksande slekt veit lite om at det for 80 år sidan vart bygt sluser i Skallestraumen. Slik burde det ikkje vera. Dei kloke og framsynte menn som fekk istand dette arbeidet, skulle hatt eit betre minnesmerke etter seg enn rust og skrapjern og rotne portar. Det burde vera ei kulturoppgåve for sogelag, herad, fylke og stat å få slusene i Skallestraumen i full stand att, og få einkvan til sjå etter dei. Då kunne reiseglade ferdafolk få ta rundturen med båt frå Bergen gjennom slusene, over den vakre Lindåsen, gjennom den tronge og fengslande Haukås-strauten inn til Vågseidet, og så med rutebil over det vene Nordhordland attende til byen. Og reisande som kom med rutebilen, kunne ta båten attende til Bergen.

Eg trur for visst at dette ville verta ei turistrute som ville få folk til å reisa. For den som ikkje har reist gjennom slusene i Skallestraumen, over Lindåsen, gjennom Haukåsstraumen til Vågseidet, har gått glipp av ei rik og mektig naturoppleving.

KJELDER:

1. Karl Sjurset: Lindås herad frå 1837-1937. (Formannskapslovene 100 år). Utgjeve av Lindås sogelag 1942.
2. Lindås-Masfjordens Dampskibsselskap 1880-1930.

Informasjonen er henta frå BNR- NYTT nr. 3 - 1986

Statsforvaltaren i Vestland,
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Innspel til oppstart av arbeid med forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Naturvernforbundet Nordhordland har desse merknadene.

Forureining, utslepp og avrenning

Det må stillast strenge krav til utslepp og avrenning frå hushald, jordbruk og annan næringsverksemd. Særleg fokus må vera på NGIR sitt avfallsanlegg i Kjevikdalen og smoltanlegget på Nesfossen. Strenge overvakingsprogram med revisjon av utsleppsløyve om grenseverdiar vert overskridne, må vera vilkår.

Det må vera minimumskrav om minireinseanlegg til ikkje regulerte bustader og hytter med utslepp til sjø.

Avrenning frå jordbruk er i stor grad regulert, men krev likevel tiltak. Det gjeld i sær avrenning av mikroplast til vassdraga og ut i verneområdet. Rapportar har avdekkat at slik avrenning er eit betydeleg problem i Nordhordland. Å sikra eit betre retursystem for landbruksplast vil redusera problemet. Her bør NGIR få eit ekstra ansvar.

Forvaltningsplanen bør sørgja for at kommunane har eit heildekkande system for rydding av plastavfall i strandsona.

Sjøbotnen i verneområdet er fleire stader forureina av miljøgifter. Slik forureining må kartleggjast og tiltak gjennomførast der grenseverdiane er overskridne. Særleg merksemd må sjøområdet utanfor tidlegare Mastrevik Slipp i Austrheim få. Her har sandblåst materiale blitt dumpa gjennom svært lang tid og representerer sannsynlegvis eit stort forureiningsproblem.

Framande artar

Aktiv nedkjemping av framande artar bør få høg prioritert i planen. Det gjeld m.a. stillehavsøsters, som er registrert fleire stader i Lurefjorden, og t.d. havnespy, registrert i Fensfjorden med fare for spreiding til verneområdet.

Tiltak må setjast i verk på eit tidleg stadium.

Tekniske inngrep

Botninstallasjonar må avgrensast til det minimale. Det gjeld t.d. langtrekkande utsleppsleidningar som skal føra forureina vatn frå verneområdet og til sjøområda utanfor slik det m.a. har vore planar om frå smoltanlegget på Nesfossen til Fosnstraumen og Hoplandsosen.

Skjøtsel, overvaking og kartlegging

Innspela over demonstrerer at det er stort behov for skjøtsel (framande artar), overvaking (utslepp frå jordbruk og anna næringsverksemd) og kartlegging (forureina sjøbotn). Kartlegging bør også omfatta fleire undersøkingar av naturmangfald, t.d. korallrev. Sjølv om det ikkje er tema for forvaltningsplanen, bør Statsforvaltaren ta opp til vurdering om kartlegginga gjev grunnlag for utviding av verneområdet.

Statens Naturoppsyn og Kystvakta må få ekstra midlar til å følgja opp verneområdet, m.a. med tanke på tjuvfiske og etterlatne fiskereiskapar.

Grensedraging

Ny grensedraging er ikkje tema for forvaltningsplanen. Naturvernforbundet vil likevel peika på at grensedraginga bør opp til ny vurdering fordi vi meiner ho er uheldig trekt fleire stader.

Særleg gjeld dette Hoplandsosen som gjennom den kraftige tidevasstraumen i Fosnstraumen er ei naturleg forlenging av Lurefjorden. Vi meiner difor at det bør setjast ei ny grense lenger ute i Hoplandsosen, t.d. mellom Hopland og Rossnes.

Tilsvarande gjeld utløpet av Bakkastraumen og Kilstraumen. Her kan yttergrensa med fordel setjast mellom Vardetangen og nordspissen av Ulvøy.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland

From: jnordo@broadpark.no jnordo@broadpark.no[jnordo@broadpark.no]

Sent: 15.03.2022 20:39:39

To: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]; Byrkjeland,
Stein[fmhosby@statsforvalteren.no]

Cc: hordaland@naturvernforbundet.no[hordaland@naturvernforbundet.no]; Geir Olav
Toft[geirolav.toft@nla.no]; Ketil Hindenes[ketil_hindenes@hotmail.com]; Ola
Moen[fjordimages@gmail.com]; Ragnhild Vesteraas[ragnhild@vesteraas.no]; Stine
Eikefet[seeikefet@gmail.com]; Tom Sverre Tomren[tstomren@gmail.com]; Tore
Svendsen[toresve2@online.no]

Subject: Innspel til forvaltningsplan for Lurefjorden

Hei!

Her kjem innspel frå Naturvernforbundet Nordhordland.

Mvh Jan Nordø

leiar

Naturvernforbundet Nordhordland

From: Terje Seim[terje@seimbygg.no]

Sent: 15.03.2022 10:40:43

To: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Subject: Innspill til forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Hei, Vi i Seim Bygg driver med ulike bygge aktiviteter og meste parten av våre oppdrag er rundt Seimssfjorden / Lurefjorden.

Våre oppdrag er på boliger, næringsbygg og fritidsboliger.

Verneområde er sjøarealet på 71 Km² og grenser mot land kote -2m under sjøkartnull.

Vi opplever konflikt med §3 (Verneregler) når det kommer til c) Utføring av avløpsvann. Alle utslipp må søke dispensasjon og vi oppfatter det slik at Statsforvaltern i Vestland krever høgverdig grad av rensing på alle utslipp til fjorden.

Dispensasjoner er tidkrevende og det er selvsagt ikke alltid det blir gitt dispensasjon.

Vi stiller spørsmål til kravet om høgverdig rensing av utslipp. NIVA (Norsk institutt for vannforskning) har lenge drevet forskning på fjorden og slik vi tolker prøver fra vann, bunn og dyreliv så kan vi ikke forstå at det bør være høgverdig rensing av utslipp.

Det har i alle tider vært drevet gårdsbruk langs fjorden, nå er det betydelig mindre drift på gårder i området og utslipp av næringsstoffer som fosfor og nitrogen fra dyrehushold er på et historisk lavnivå.

Vi forstår at en terskel fjor kan ha dårlig resipient med lavt oksygen innhold samt liten vannutskifting og dermed kan bli vurdert som følsomt område.

Er det dokumentert at dette er tilfelle i hele området som har et sjøareal på 71 km²? Eller brukes det store resurser på «føre var prinsippet» uten at det er behov for det?

Alver Kommune har blant annet et Renseanlegg innerst i Seimssfjorden. Dette anlegget er et sil anlegg og dermed ikke et høgverdig rense anlegg. Vi opplever at nye tilknyttinger til kommunale anlegg ikke blir godkjent uten dispensasjons søknad til Statsforvalteren i Vestland.

Dette kan ikke være fornuftig. Kommunale anlegg bør ha en kvalitet som gjør at alle nye avløp og alle alle avløp som skal opprustes bør kobles inn på kommunale anlegg uten at det behøves å søke dispensasjon.

Nye tilkoblinger utløser tilknyttings avgift og årlig avgift til Alver Kommune. Disse midlene gjør at kommunen kan drifte gode renseanlegg og ha full kontroll på utslipp.

Minirense anlegg som gir høgverdig rensing bruker kjemikalier som er passert på aluminium og jern, ingen kjenner til langtids virkningen av disse stoffene og all den tid disse er privat eiet og driftet så har ikke offentlige myndigheter samme kontroll med disse som om avløp hadde gått inn på kommunale renseanlegg.

Vår klare oppfattning er at alle avløp som kan gå inn på Kommunale anlegg bør gjøre dette.

Da slipper vi alle tidkrevende dispensasjons søknader og vi har kommunal kontroll med utslipp.

Grad av rensing i Kommunale anlegg bør være av en slik karakter at myndights krav blir ivaretatt.

Med vennlig hilsen

Terje Seim
Daglig Leder

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 Seim

tlf 930 04 156

terje@seimbygg.no



STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Saksbeh./tlf.nr.: Lars Erik Vindfallet
Lauritsen/95109418

Deres ref./Deres dato: 2021/13123/ 18.02.2022

Vår ref.: 21/00208-30

Vår dato: 14.03.2022

Høringsuttalelse - Melding om oppstart - Forvaltningsplan - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområder

Det vises til brev fra Statsforvalteren i Vestland datert 18.2.2022 knyttet til varsel om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommuner. Verneformålet knytter seg til vannsøyla og sjøbunnen.

Formålet med forvaltningsplanen er å lage et praktisk hjelpemiddel til å opprettholde og fremme verneformålet og avklare hvordan de ulike verne- og brukerinteressene kan bli behandlet. Forvaltningsplanen skal utarbeide retningslinjer for behandlingen av dispensasjoner, men skal ikke åpne for ny vurdering av verneforskrift eller avgrensning av området.

Statnetts anlegg og rettigheter – merknader

Statnett eier, drifter og utvikler det norske transmisjonsnett – hovednettet i strømforsyningen. Transmisjonsnett består av ca. 160 transformatorstasjoner og ca. 11000 km kraftledninger over hele Norge, foruten ledninger og sjøkabler til utlandet.

Statnett uttaler seg til forvaltningsplanen ved å være rettighetshaver innenfor verneområdet ved å ha anleggskonsesjon til å eie og drifte tre stykk 300 kV (420 kV) sjøkabler mellom landtakene i Saltvika og Mjåsundet. Se vedlagt kartskisse.

Det er påregnelig at det i fremtiden vil kunne etableres ytterligere 3 sjøkabler, og landtakene er delvis forberedt på dette. Det er per nå ikke tidfestet når en slik forsterkning vil komme, men det vil blant annet være avhengig av forbruksutviklingen. Statnett ber derfor om at forvaltningsplanen legger til rette for det vil komme fremtidige søknader om nye kabler i Lurefjorden.

Statnett ber om å være høringspart i det videre planarbeidet.

Med vennlig hilsen

Lars Erik Vindfallet Lauritsen
NPM-Miljø og tillatelser

Lars Erik V. Lauritsen
Seniorrådgiver

Kopi: NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT NVE

Kartskissen viser trase for Statnetts skøkabler i Lurefjorden



From: p360service@statnett.no[p360service@statnett.no]

Sent: 14.03.2022 12:48:39

To: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Subject: Dokument 21/00208-30 Høringsuttalelse - Melding om oppstart - Forvaltningsplan - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområder sendt fra 10-Statnett SF

Mottaker:**STATSFORVALTAREN I VESTLAND**

Dokumentet **21/00208-30 Høringsuttalelse - Melding om oppstart - Forvaltningsplan - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområder** for saken **Statsforvalteren i Vestland - Frivillig skogvern og naturreservat - 2021/2022** er utsendt av **Statnett SF**. Se vedlegget for innholdet i utsendelsen.

Svar på denne henvendelsen sendes til **firmapost@statnett.no** og skal inneholde oppgitt referanse.



Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:
22/35295-2

Dykkar referanse:
2021/13123

Vår dato:
16.03.2022

Uttale ved oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Vi viser til brev datert 18.02.2022.

Det skal utarbeidast forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Det er ikkje statlege vegar som gir avrenning til sjøområdet. Vi har ikkje innspel til oppstartsmeldinga.

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Til Statsforvaltaren i Vestland
sfvlpost@statsforvalteren.no

Oslo, 08.03.2022

WWFs innspill til melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

WWF takker for muligheten til å komme med våre innspill til meldingen om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Vi ønsker å fremheve formålet med vernet som definert i [verneforskriften](#) med hjemmel i naturmangfoldloven:

*“Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.*

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.”

Når forvaltningsplanen nå skal utarbeides, mener WWF det må sikres at det ikke igangsettes ny aktivitet som kan påvirke verneverdiene i verken vannsøylen eller på sjøbunnen. Eventuell eksisterende aktivitet som pågår i området i dag, må justeres i tråd med verneforskriften slik at naturverdiene som skal ha et vern blir sikret.

Dersom det fremkommer ny kunnskap om dyreliv eller leveområder under utarbeidingen av forvaltningsplanen eller på et senere tidspunkt, må denne inkluderes i planene. Viktige naturverdier som eventuelt avdekkes må inkluderes i verneforskriften og beskyttes i tråd med andre verneverdier naturverdier i området.

WWF ønsker å fremheve kunnskapsgapet som finnes i norsk havforvaltning i dag når det gjelder forskning og forståelse på hvordan ulike arter påvirker hverandre og hvordan artene påvirkes av hverandre. Dette kunnskapsgapet gjelder også for områdene i Lurefjorden og Lindåsosane. Vi ønsker derfor å understreke behovet for å følge føre-var-prinsippet i tråd med [§9 i naturmangfoldloven](#) – og ber samtidig at det avsettes mer kapasitet til å forske på samspillet mellom arter og leveområder langs kysten og i havet. Dette må inkludere også dyregrupper som sjøfugl. Det er en rekke sjøfugler som er relevant for verneområdet, og mange av disse er i dag utrydningstruet og står på den nasjonale rødlisten hos Artsdatabanken.

WWF ønsker også å poengtere at det er sett svært lite på klimaeffekten av verneområdet - og dermed også klimabidraget som verneområdet kan utgjøre. Vi trekker her frem klimaeffekten karbonlagring i blå skog (tang, tare og plankton) har og også klimalager som finnes på havbunnen (spesielt i områder med sedimenter). WWF mener derfor at karbonlagrene langs kysten og på havbunnen i verneområdet må få bedre kartlegging og inkluderes med tekst i verneformålet. Denne type kunnskap blir viktig å inkludere i alt vernearbeid langs kysten og til havs i norske farvann fremover.

På vegne av WWF Verdens naturfond.

Vennlig hilsen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Fredrik Myhre', with a stylized, flowing script.

Fredrik Myhre

Leder for havteamet

WWF Verdens naturfond

From: Fredrik Myhre[fmyhre@wwf.no]

Sent: 15.03.2022 15:53:55

To: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Subject: WWFs innspill til melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Hei,

Vedlagt finner dere WWFs innspill til melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Fint om dere bekrefter mottatt epost og vedlegg.

Ha en flott dag.

Vennlig hilsen



FREDRIK MYHRE

LEDER FOR HAVTEAMET

WWF VERDENS NATURFOND

MOB: +47 414 51 739, TEL: +47 22 03 65 00

TWITTER: FredrikGMyhre, INSTAGRAM: fredrikmyhre

POSTBOKS 6784, ST. OLAVS Plass, 0130 OSLO

WWF.NO